

ÅRSMELDING 2020



NORGES RØDE KORS SITT HOVUDPROGRAM 2017-2020

Hovudprogrammet er ei treårig konkretisering av «Langtidsplan for Norges Røde Kors». Langtidsplanen bygger på Det Internasjonale Forbundet av Røde Kors og Røde Halvmåne-foreiningane sin «Strategy 2020» og «Youth Engagement Strategy», og viser Norges Røde Kors sine prioriteringar. Hovedprogrammet er vedtatt av landsmøtet, og alle som er knytt til Røde Kors i Noreg - på lokalt, distrikts- og nasjonalt plan, er plikta til å innrette planar, strategiar og prioriteringar til dei mål og prioriteringar som går fram av hovedprogrammet. Lokalforeiningane tilpassar sine planer til lokale behov.

KVEN VI ER

Røde Kors driv si verksemd i samsvar med Røde Kors- og Røde Halvmåne-rørsla sine sju grunnprinsipp:

- Humanitet
- Upartiskhet
- Nøytralitet
- Uavhengighet
- Frivillighet
- Enhet
- Universalitet

Røde Kors sitt oppdrag er å avdekke, hindre og lindre menneskeleg naud og lidning. Vår innsats er forankra i lokale behov, og tek utgangspunkt i ressursar, kompetanse og lokale forhold.

Norges Røde Kors er del av Røde Kors og Røde Halvmåne-rørsla, som er verdas største humanitære nettverk. Gjennom søsterforeiningar i nesten alle land og deira lokale frivillige, er Røde Kors til stades for å hjelpe dei mest sårbare – både før, under og etter katastrofer og kriser, væpna konflikt og vald.

Røde Kors er den største, frivillige humanitære organisasjonen i Noreg. Vi er ein beredskaps-organisasjon der alle ledd er klar til innsats, og vi er ein viktig del av den norske redningstenesta. I Noreg er vi organisert i tre hovudområder: Røde Kors Hjelpekorps, Røde Kors Omsorg og Røde Kors Ungdom.

Gjennom kongeleg resolusjon av 14.08.1907 og 21.08.2009 er Røde Kors støtteaktør for norske styresmakter; våre aktivitetar støttar og utfyller tenestetilbodet til det offentlege. Røde Kors er pådrivar for å auke kunnskapen om og respekta for internasjonal humanitær rett og menneskerettar. Alt vi gjer, er styrt av Røde Kors-rørsla sine sju grunnleggande prinsipp.

Røde Kors er ein medlemsstyrt organisasjon og utfører humanitære aktivitetar i lokalsamfunnet gjennom frivillige i våre lokalforeiningar. Vår innsats er forankra i lokale behov og har sitt utgangspunkt i Røde Kors-vurderinga.

Distrikta bistår lokale ledd med rådgjeving, tilrettelegging og opplæring, og er pådrivar for at måla i hovudprogrammet vert nådd. Distriktet er koordinator og bindeledd mellom lokalt og nasjonalt nivå i organisasjonen.

Norges Røde Kors representerer Røde Kors ovafor nasjonale styremakter. Norges Røde Kors bistår distrikt og lokale ledd med råd, tilrettelegging og opplæring, og er pådrivar for at måla i hovudprogrammet vert nådd. Norges Røde Kors er koordinator og bindeledd mellom distrikta i organisasjonen.

KVA VI GJER

Røde Kors sitt arbeid har tre overordna mål:

- Førebygge og respondere for å redde liv
- Trygge lokalsamfunn for barn og unge
- Nærleik, inkludering og vere tilstades

Alle organisasjonsledd skal legge fylgjande Røde Kors-vurdering til grunn for sine planar og prioriteringar:

1. Det skal vere eit udekka behov blant menneske i utsette livssituasjonar.
2. Aktiviteten skal vere ein naturleg del av vårt oppdrag og i samsvar med våre prinsipp.
3. Behova er ikkje dekka av andre med betre kompetanse eller med meir naturleg forankring.
4. Røde Kors har kompetanse og ressursar til å utføre oppgåva.

KORLEIS VI ARBEIDER

Røde Kors har tre organisatoriske mål:

- Vi utviklar ein sterk, endringsvillig og behovsretta organisasjon
- Vi bidreg til å sikre at menneske i utsette livssituasjonar har tilgang til hjelp
- Vi styrkar lokal kapasitet, bygge god organisasjonskultur og videreutviklar god leiing

INNHALD

Utdrag frå Røde Kors sitt mandat og hovudprogram	2
Oversyn innhald	3
Årsmelding frå distriktsstyret 2020	4
Årsmelding frå beredskapsutvalet 2020	5
Årsmelding frå distriktsråd hjelpekorps 2020	6
Årsmelding frå distriktsråd omsorg 2020	10
Årsmelding frå distriktsråd ungdom 2020	13
Årsmelding frå internasjonalt utval 2020	15
Humanitært påverknadsarbeid	16
Lokal kapasitet - rekruttering	17
Opplæring, digitalisering og personvern	18
Årsmøte og samlingar	19
Samarbeidsprosjekt	20
Haugland	21
Økonomi	22
Rekneskapsprinsipp	22
Aktivitetsrekneskap 2020	23
Balanserekneskap pr 31.12.20	24
Notar til rekneskapen	25
Revisjonsmelding	29
Oversyn styret, tillitsvalde og tilsette	31

SOGN OG FJORDANE RØDE KORS

ORG.NR. 983 198 422, ÅRSMELDING 2020

Sogn og Fjordane Røde Kors er eit sjølvstendig organisasjonsledd og representerer Røde Kors i Sogn og Fjordane fylke. Røde Kors sitt oppdrag er å avdekke, hindre og lindre menneskeleg naud og liding.

Distriktsorganisasjonen arbeider for Røde Kors sine prinsipp og føremål, legg til rette for at lokale Røde Kors-foreningar har eit humanitært tilbod, støttar dei ved fellestiltak og aktivitetar det vert bede om støtte til. Sogn og Fjordane Røde Kors er koordinator og bindeledd mellom lokalforeningar i distriktet og nasjonalt nivå i Røde Kors, og har kontoradresse i Førde.

Røde Kors var representert i 17 av 18 kommunar i Sogn og Fjordane i 2020. Ved årsskiftet var det 26 lokalfor-einingar, 26 hjelpekorps, to ungdomslag og 25 omsorgstenester – inkludert besøksteneste og barne-hjelp, samt lokale migrasjonsaktivitetar og aktivitetar for og med barn og ungdom. Koronapandemien prega aktiviteten i dei lokale avdelingane, men det er god grunn til å rose alle frivillige for engasjert og stor innsats. Samla har vi 5.147 betalande medlemmer ved årsskiftet, ein nedgang på 82 siste året.

For meir utførelg omtale viser styret til årsmeldingane til distriktråda for høvesvis hjelpekorps, omsorg og ungdom, beredskapsutval og internasjonalt utval.

Aktivitetsrekneskapan for distriktet i 2020 viser eit resultat på kr 527.139,-. Føremålskapital med sjølvpålagte bindingar auka i 2020 frå kr. 2.225.940,- til kr. 2.485.033,-. Anna føremålskapital auka i 2020 frå kr. 6.265.788,- til kr. 6.533.834,-. Styret stadfestar at føresetnaden for framleis drift er til stades og at dette er lagt til grunn ved framlegging av rekneskapan.

Distriktskontoret har ni tilsette ved utgongen av året. Av dei er åtte fast tilsette og ein i engasjement. Sjukefråveret i 2020 var på 2,2 %. Det har ikkje vore skader eller ulykker i 2020. Styret opplever at arbeidsmiljøet og den generelle trivselen på kontoret er god. Samhandlinga mellom dei tilsette og tillitsvalde i distriktsleddet er kjenneteikna av ein open og god dialog.

På distriktskontoret var det tilsett tre kvinner og seks menn ved årsskiftet. I distriktsstyret er det fire kvinnelege og seks mannlege medlemmer og varamedlemmer. Styret har ikkje sett grunn til å gjere spesielle tiltak knytt til likestilling.

Førde, 31. desember 2020/17. februar 2021 (signert elektronisk)

Synøve Sande
Distriktsleiar

Arve Sandal
nestleiar

Marit Kvalen
medlem

Arne Dale
medlem/distriktrådsleiar omsorg

Sissel Loen
medlem

Per I. Rimmen
medlem

Anita Kristin Vik
medlem/distriktrådsleiar hjelpekorps

Jon Atle Rise
medlem/distriktrådsleiar ungdom

Per Kristian Storevik
varamedlem

Jostein Bergset
varamedlem

Dag Hovland
dagleg leiar

BEREDSKAPSUTVALET

ÅRSMELDING 2020

Beredskapsutvalet har vore samansett slik:

Leiar Per Ingvald Rimmen, distriktsstyret
Medlem Britt Optun, D-råd omsorg
Personleg vara Jan Børge Monsen, D-råd Omsorg
Medlem Steinar Grønsberg, Aurland RK
Pedlem Geir Ove Optun, D-råd Hjelpekorps
Personleg vara Anita Kristin Vik
Medlem Marte Heggstad, D-råd Ungdom
Personleg vara Robert Risnes

Beredskapsutvalet er det rådgjevande organet for distriktsstyret innan beredskap. Utvalet har handsama 36 saker på seks møte, og har vektlagt arbeid med beredskapsopplæring, beredskapsavtaler med kommunane og beredskapsøving på distrikt og i lokale ledd.

I 2020 har det naturlegvis vore eit stort fokus på koronapandemien. Vi mobiliserte våre frivillige medio mars, og hadde 480 som var klare for innsats. Utover i året har lokale ledd assistert og hjulpet sine kommunar i litt ulik grad, og det har vore lagt ned mykje innsats.

NASJONAL BEREDSKAPSSAMLING

Denne samlinga blei ei stutt digital samling, og det var Pål A. Dahl, Marte Heggstad og Jan Børge Monsen frå vårt utval som tok del i samlinga.

BEREDSKAP NASJONALT

At Røde Kors er ein beredskapsorganisasjon, er vorte veldig tydeleg i 2020 med ein pandemi i ni av årets månader. Nasjonal-kontoret har sett stab i nesten heile perioden frå mars til ut desember, og vore særst aktive på å etablere gode anbefalingar på smittevern, organisering og planarbeid i høve koronaberedskap med møter kvar veke. Deira arbeid har vore viktig for distrikt og lokale ledd i heile landet.

ØVING

Det var planlagt ei øving i november, men denne blei utsett grunna korona. No blir øvinga i februar i 2021 i staden. Scenario blir «Styrtregn».

LOKALE BEREDSKAPSPLANAR OG BEREDSKAPSKURS

Det er relativt lite aktivitet på dette i 2020. Mest fordi fokus har vore på pandemien og mykje har vorte avlyst av fysiske møte og kurs. For å få fart på dette arbeidet er det sett i gang eit pilot-prosjekt, «Heilskapleg beredskap». Det er med fem lokalforeiningar (Leikanger, Førde, Balestrand, Eid og Askvoll) og målet er å finne ut kva hjelp dei treng for å kome vidare i å formalisere eigen beredskapskapasitet. Prosjektet starta i november og vil halde fram til utpå våren 2021. Så vil det bli evaluert og bestemt om ein skal gå vidare med dei andre lokalforeiningane.

BEREDSKAPSAVTALER MED KOMMUNANE

2020 var startåret med dei nye samanslegne kommunane Kinn, Sunnfjord, Stad og Sogndal. Alle desse har fått på plass nye avtaler med lokale ledd. Ved årsskifte har vi avtaler med 13 av 19 kommunar i vårt distrikt.

FYLKESMANNEN OG BEREDSKAP

Dagleg leiar er fast medlem av Fylkesmannen sitt beredskapsråd i det nye Vestland fylke og varetek våre behov og synspunkt der.

STØRRE HENDINGAR

Utover pandemien har det ikkje vore større hendingar i vårt distrikt i 2020. Det var eit stort kvikkleireskred i Gjerdrum kommune på Øvre Romerike i desember, men ingen frå vårt distrikt tok del i det arbeidet.

BEREDSKAPSVAKT

Det er ikkje godkjente aktive beredskapsvakter i nokon lokalforeining i vårt distrikt.

RESSURSSYSTEMET

Det er ikkje endringar på tal (20) lokalforeiningar som har registrert materiellet sitt i systemet.

DISTRIKTSRÅD HEIMEVERN

Det har ikkje vore aktivitet som SFRK har tatt del i 2020. Vi er representert som vara i både HV-09 (Hordaland og Sogn og Fjordane) og HV-11 (Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane).

OPPSUMMERING

2020 har vore eit spesielt år i Sogn og Fjordane og i landet grunna koronapandemien.

Globalt har varme og tørke medført store skogbrannar og store flaumar, som tek menneskeliv og øydelegg heimar og infrastruktur. Vi får stadig påminningar om at klimaet blir meir ekstremt og med større utslag enn vi er vane med.

Per I. Rimmen leiar

Steinar Grønsberg

Britt Optun

Geir Ove Optun

Marte Heggstad

DISTRIKTSRÅD HJELPEKORPS

ÅRSMELDING 2020

Distriktsrådet for hjelpekorps har vore samansett slik:

Distriktsrådsleiar Anita Kristin Vik, Stryn
Operativ leiar Margrethe Skåden, Gulen
D-rådsmedlem/nestleiar Geir Ove Optun, Hafslo
D-rådsmedlem Unni Kiviranta, Eid
D-rådsmedlem Espen A. Rysjedal, Florø
D-rådsmedlem Cato A. Kvamme, Førde (trekte seg i juni)
Vara: Are Bødal, Førde (fungerande medlem frå juni)

Fagleiarar:

Instruktørleiar Margrethe Skåden, Gulen
Fagleiar tauredning Kjetil Høidal, Florø
Fagleiar skred Geir Ove Optun, Hafslo
Fagleiar ettersøk Unni Kiviranta, Eid
Fagleiar sjø Espen A. Rysjedal, Florø
Fagleiar elv Sindre Kiviranta, Eid
Fagleiar ressursgruppe samband Morten Heggstad, Hafslo
Fagleiar varslingsystem (CIM) Espen A. Rysjedal, Florø
Førstehjelpsansvarleg Margrethe Skåden, Gulen.

Områdeleiarar:

Ytre Sogn: Operativ leiar: Ken Heine Bakke, Balestrand
Adm. leiar: Oddgeir Indrebø, Vadheim
Indre Sogn: Ove Fortun, Luster
Nordfjord: Arne Reme, Stryn
Sunnfjord: Herman Fjellro, Florø

Hovudsensorar:

Ytre Sogn: Margrethe Skåden
Nordfjord: manglar, arbeider med ny
Indre Sogn: Arne Løland
Sunnfjord: Helge Lekven

Hovudinstruktør DHLR:

Margrethe Skåden

Regionkurskomite Vest:

Margrethe Skåden, Unni Kiviranta, Are Bødal

VALMØTE

Valmøtet for d-rådet vart halde 27. mars, grunna covid-19 var møte halde på Teams. Årsmelding, rekneskap for 2019 og handlingsprogram og budsjett for 2020 vart gjennomgått.

DISTRIKTRÅDSMØTE

D-rådet har halde åtte møte og handsama 42 saker, mot 36 året før. Vi hadde eit fysiske møte i januar, frå mars har alle møte vore på Teams og enkelte saker har vore handsama på epost. D-rådet har i løpet av året arbeid med innføring av nytt kartsystemet SARTopo, oppgradering av ROV (undervassdrone) til større djupne, og digital oppgradering av KO-vogn. Desse sakene har vore handsama i d-rådet ved fleire høve.

REPRESENTASJON

Distriktrådsleiar Anita K. Vik har møtt fast i distriktsstyret. Kjetil Høidal er leiar i nasjonal ressursgruppe i krevjande lende. Grunna covid-19 har dei fleste arrangement vore avlyst etter 12. mars. Nasjonal plansamling vart gjennomført på Teams i september.

RM OG NM FOR HJELPEKORPS

Grunna covid-19 er det ikkje gjennomført regionmeisterskap og noregsmeisterskap for hjelpekorps i 2020.

OMRÅDE

Arne Reme er vald til ny leiar i område Nordfjord. Det er gjennomført møte i Ytre Sogn og Indre Sogn. I Indre Sogn vart det gjennomført ei øving i samband med søk etter ein sakna person i Aurland. Søket vart gjennomført 7. november og det vart søkt langs fjorden og mange korps langs Sognefjorden deltok.

AKSJONAR 2020

I år har hjelpekorpsa i Sogn og Fjordane delteke på 62 aksjonar etter utkalling frå politiet sin operasjonssentral og AMK, dette er fem færre enn året før. Sjølv om vi har færre aksjonar enn førre år, har mange av oppdraga vore krevjande og langvarige.

I løpet av hausten var det fleire langvarige og krevjande aksjonar.

Aurland: 12. oktober starta det søk etter sakna person i fjorden i Aurland. Aksjonen vart langvarig og store ressursar frå Røde Kors deltok langs heile Sognefjorden. Då politiet avslutta søket, organiserte område Indre Sogn eige søk der dei leitte over fleire dagar og helgar. Sakna er framleis ikkje funnen.

Askvoll: Same helg som søket i Aurland pågjekk, vart det også meldt om sakna i Granefjorden i Askvoll. Mange korps og ressursar som KO-vogn, RK-båt og ROV vart nytta i søket. Søket vart avslutta med funn etter 4 døgn.

I desember var det krevjande aksjonar både i Vieffjellet i Førde og Via Ferrata i Loen. Aksjonane føregjekk mykje om natta i mørke og krevjande terreng.

Under alle desse aksjonane har vi fått nytta nytt kart- og rapporteringssystemet SARTopo. Dette saman med nye nettbrett og digital oppgradering av KO-vogn har gitt oss mange nye mogelegheiter og positive tilbakemeldingar frå politiet.

Hjelpekorpsset har vore godt synlege og fått mykje skryt både frå politi, kommunar og berørte for den innsatsen dei ha gjort under desse og andre aksjonar.

I etterkant av aksjonane har vi opplevd ei overveldande auke i rekrutteringa. Spesielt i Askvoll, der vi ikkje har hatt eit aktivt korps dei siste åra, har interessa vore stor.

NYE AKSJONSLEIARAR

Bjørn Hesjevoll Winge, Luster
Håvard Espelund, Hafslo
Benedicte S. Valberg, Florø
Are Bødal, Førde

GODKJENDE HJELPEKORPSARAR

Ved årslutt i 2020 har vi 464 godkjende hjelpekorpsarar. For å vere ein godkjend hjelpekorpsar må ein ha gjennomført grunnopplæringa i hjelpekorpsset med fokus på førstehjelp, samband, søk og redning. I tillegg må ein gjennom ei teoretisk og praktisk prøve kvart tredje år. I mars vart det gitt dispensasjon frå den praktiske prøva grunna koronautbrotet, og frå juni er det gjennomført ei koronatilpassa prøve. Det har vore ein mindre tilbakegang i talet på godkjende frå 467 i 2019. Dette er naturleg sidan vi ikkje fekk arrangert det tradisjonelle kurset i kvalifisert søk og redning på Nesholmen siste helga i april grunna koronapandemien.

Definisjonen på godkjend hjelpekorpsar er at ein har kursa i grunnutdanninga, er resertifisert, har ID-kort og har betalt medlemskontingent. Talet godkjende for vår del er då 407, frå 2021 er det dette talet vi kjem til å bruke.

KURS OG SAMLINGAR I 2020



Det er mange eldsjeler som jobbar for å ha eit godt korps i sin kommune, og distriktet har satsa på gode kurstilbod og fagsamlingar for å auke og vedlikehalde kompetansen.

I 2020 har mykje av denne aktiviteten blitt avlyst eller flytta til digitale plattformer grunna covid-19-pandemien. Vi rakk å gjennomføre tre kurs i grunnopplæringa og redning skred før pandemien råka oss 12. mars. I september gjennomførte vi regionkurs i operativ rettleiing i Førde med 16 deltakarar frå Hordaland og Sogn og Fjordane. Dette vart gjennomført som fysisk kurs på Førde Camping med god plass og strenge smitteverntiltak.

Totalt har vi hatt 122 personar på kurs og samlingar i 2020 mot 361 året før.

KORPS

Det er 26 store og små hjelpekorps rundt i fylket, med frivillige som er klare til å stille på oppdrag for politi eller kommune på kort varsel. Dette talet har vore stabilt dei siste åra, og vi har stort fokus på å oppretthalde og utvikle gode korps. Korpsa er ein del av redningstenesta i Noreg, og er ein svært viktig ressurs ved søk- og redningsaksjonar i Noreg.



Kurs og samlingar 2020

Tidspunkt	Kurs distrikt:	Stad	Deltakarar
Jan-feb	Kvalifisert førstehjelp	Førde	11
Februar	Redning skred	Stryn	24
Februar	Fagsamling sjø	Florø	18
Mars	Dette er Røde Kors hjelpekorps	Førde	11
Mars	Kvalifisert samband	Førde	13
September	Kvalifisert operativ rettleiing		16
Oktober	DHLR grunnkurs	Nordfjordeid	8
Oktober	DHLR instruktørkurs	Nordfjordeid	8
November	Fagsamling ettersøk	Førde	13
Totalt			122

FAGOMRÅDE

Vi bur i eit fylke med mykje og ulik natur som utfordrar på redning under mange forhold. For å få den nødvendige kompetansen har vi fleire fagområde med leiingar og ressursgrupper med kompetanse innan ettersøk, førstehjelp, sjø, elv, skred, samband og krevjande lende.

Ettersøk

Året 2020 med koronaviruset har sette det meste av den fysiske aktiviteten innan fagmiljøet på vent, men det er likevel gjort veldig mykje godt arbeid i det stille. Distriktet har investert i nettbrett og lisens til SARTopo som aksjons- og kartverktøy som kan nyttast av korpsa i distriktet. Nokon har allereie tatt i bruk SARTopo gjennom pågåande aksjonar i fylket og kom med viktige bidrag inn i opplæringa med sine gode erfaringar med verktøyet i aksjon. Ikkje minst ser vi at dette lettar dokumentasjonsdelen i søk.

Distriktet har investering i 12 nettbrett med SARTopo som skal nyttast til kurs/opplæring og utlån ved større aksjonar.

Dei siste tre åra har vi jobba målretta med å etablere aksjonsleiargrupper i fylket. Målet er å få nok aksjonsleiingar i kvart område i Sogn og Fjordane for å sikre kvaliteten og lik oppstart under aksjonar. Kompetanse om sykkelhjelmteknikken vert innlært på dei nye aksjonsleiarkursane som vert haldne i regionane. På fagsamlingane får dei med kurs i operativ barmark leiing / barmark A høve til å bli oppdaterte på dei nye nasjonale retningslinjene og ny metodikk innan aksjonsleiing.

I Indre Sogn sitt område har aksjonsleiargruppa kome godt i gang med Ove Fortun som drivar og dei har fått 2 nye aksjonsleiingar. I år har Sunnfjord også fått 2 nye aksjonsleiingar.

Kurset i operativ rettleiing har gitt fylket fleire potensielle mentorar som er med å auke kapasiteten til opplæring innan søk og førstehjelp.

KO-vogna har fått ei svært etterlengta oppgradering av digitalt utstyr og har vore nytta i fleire aksjonar. Vogna står på lager i Førde saman med det andre utstyret som kan nyttast.

Sogn og Fjordane Røde Kors Hjelpkorps har hatt fleire med i stab på aksjonsleiar kurs. Vi deltok både på ASOR Vest i Hordaland og ASOR på Merket. Vi deltok også i stab på KOV – kurs i operativ rettleiing, regionkurs arrangert i Førde.

Fagleiar er vald inn som medlem i nasjonal ressursgruppe ettersøk frå januar 2021.

Samband

Fagleiar: Morten Heggstad

Ressursgruppe samband gir støtte til distrikt og lokale hjelpekorps med sambandsrelaterte utfordringar og spørsmål.

Gruppedlemmar er ein viktig ressurs som instruktørar for sambandskurs.

Ressursgruppa er bindeledd mellom brukartenestesenteret/BDO i nødnett og lokale brukarar. BDO handterer service/omprogrammering av terminalar. For 2020 har 5 terminalar vore inne for service/oppdatering.

Nødnett-terminalar i distriktet er oppdaterte. Oppgraderinga er gjort for å tilpasse oss ny kommune- og fylkesstruktur. Det er gjennomført frekvensendring på tracking-/APRS-utstyr for å ha oversikt over lag i søk.

Elveredning

Fagleiar: Sindre Kiviranta

Det har vore høg aktivitet trass store restriksjonar i samfunnet grunna covid-19. Alle våre tre aktive grupper i Stryn, Eid og Sogn har levert. Gruppene øver mykje, både åleine, men også saman med andre grupper og lokale aktørar som brannvesen.

- Stryn: 7 øvingar
- Eid: 9 øvingar
- Sogn: 7 øvingar

Under innspeling av filmen Mission: Impossible 7 i Rauma og Hellesylt deltok personell frå våre grupper med sikringsarbeid under innspeling. Dette gav oss mykje praktisk og god øving.

Fagsamling 2020 vart arrangert i november månad på Eid. Tema for samlinga var hypotermi, søk i og rundt elv i vinterlege forhold. Det var godt oppmøte og samlinga gav godt læringsutbytte.

Foredrag av fagleiar på politidistrikt Søre Sunnmøre sine fagdagar.

Det er gjennomført fleire møte med operasjonssentralen i Ålesund, som er positive til å få oss på ressursstolpen innan våren 2021. Målretta rekrutteringsprogram, der vi satsar på personell som er trent i elv og høgt motiverte.

Aksjonar:

- Søk i Horndøla (mai)
- Søk i Geiranger (juli)
- Søk i Sogndal (desember)

Førstehjelp

Førstehjelpsansvarleg Margrethe Skåden

Covid-19 har gitt mange utfordringar for førstehjelpsarbeidet i 2020, og det har vore lagt vekt på å få ut informasjon om restriksjonar og avgrensingar grunna covid-19.

Nasjonale samlingar i Norsk Førstehjelpsråd og NRR (Norsk Resuscitasjonsråd), som er viktig for vedlikehald og ny kompetanse innan førstehjelpsområdet, var i år avlyst.

Førstehjelpsansvarleg har vore instruktør og stab under kurs i kvalifisert førstehjelp, operativ rettleiing og kvalifisert samband. I oktober og november var det nettkurs i psykososial førstehjelp og førstehjelp. Kurset er lagde til rette for digital gjennomføring av Hordaland RKH og blir vurdert som ein framtidig måte å gjennomføre kurs på.

DHLR-instruktørkurs vart halde i Nordfjord med 8 deltakarar 17.–18. oktober.

Instruktørsamling for førstehjelpsinstruktørar rakk vi å gjennomføre som fysisk samling i Førde 1. februar med 12 deltakarar.

Sjøredning

Fagleiar Espen A. Rysjedal

Det er halde kurs i kvalifisert sjøredning i Luster på Lyngmo/Solvorn med 20 deltakarar. Dei fleste deltakarane kom frå Sogn, pluss nokre frå Sunnfjord og Møre.

ROV (undervassdrone) har vore rekvirert/brukt under tre større aksjonar i sjø. Under desse aksjonane har vi fått utfordringar med at vi ikkje kom lenger ned enn til 100 meter. I etterkant har vi arbeidd med oppgradering for å auke operasjonsdjupne frå 100 til 300 meter.

Fagsamling sjø på Batalden i Kinn kommune med 18 deltakarar. Samlinga vart avslutta med ei større øving.

To av våre frivillige har gjennomført kurs i vidaregåande sjøredning i Hordaland.

Skred

Fagleiar Geir Ove Optun

Vi har skredgrupper i Stryn og Sogn med 23 godkjende fagleiarar og 30 aspirantar. Medlemmane er godkjende av Norges Røde Kors og registrerte i Felles ressursregister.

Skredgruppa har eigen skredknapp for varsling av hendingar frå politi/HRS. I år har vi arbeidd med innkøyring og testing saman med resten av dei operative skredressursane i Vest politidistrikt.

Øvingar vart jamleg gjennomført fram til covid-19 sette ein stoppar for det i mars. IKAR ettermøte og møte i for skredgruppeleiarar har vi deltatt på digitalt.

Fleire deltakarar frå gruppene har deltatt på møte med lokale skredressursar, workshop «skred mot vegnettet» og metode-samling skred.

Aksjonar:

- Uppsete, Sogn
- Nordfjord
- Lom

Tauredning

Fagleiar Kjetil Høidal

Distriktet arrangerer kurs i tauredning kvart år og ha no om lag 70 frivillige med kompetanse til å arbeide i bratt og krevjande lende. Desse er organisert i eigne tauredningsgrupper i åtte ulike korps.

Under ein aksjon i Via Ferrata i Loen i desember var denne kompetansen svært viktig for å hente ut en skada person.

Anita Kristin Vik

Margrethe Skåden

Geir Ove Optun

Unni Kiviranta

Espen A. Rysjedal

Are Bødal

DISTRIKTSRÅD OMSORG

ÅRSMELDING 2020

Distriktsråd omsorg har vore samansett slik:

Leiar Arne Dale, Hyllestad
Nestleiar Britt Optun, Hafslø
Medlem Patricia Seglem Lægred, Årdal
Medlem Jan Børge Monsen, Svelgen
Medlem Ingunn Myroldhaug Skarstein, Olden
Medlem Jan W. Sande, Førde
1. varamedlem Jorunn Selseng Aasen, Førde

MØTE OG SAMLINGAR

Distriktsråd omsorg har avvikla ni møte. Totalt har ein handsama 75 saker, mellom anna om Ferie for alle, Til topps, Juleleder for barn og opplæring på omsorgsfeltet. I tillegg vart det skipa til eit områdemøte i Aurland i august der distriktsråd omsorg møtte tillitsvalde og frivillige frå Aurland, Årdal og Lærdal. Det var planlagt eit områdemøte i Svelgen haust/vinter som måtte avlysast grunna korona.

Distriktsrådet skipa til valmøte omsorg digitalt via Teams i mars, og deltok på distriktet sitt digitale årsmøte same dagen. Distriktsrådet er representert i beredskapsutvalet i Sogn og Fjordane Røde Kors ved nestleiar Britt Optun, og i internasjonalt utval ved varamedlem Jorunn Selseng Aasen.

OPPLÆRING 2020

I 2020 har det vore arrangert to temakurs for besøkssener, i Sogndal og Førde. I alt 26 frivillige har delteke på kursa. I samband med Ferie for alle sommar vart det arrangert to temakurs oppvekst på Hauglandssenteret med til saman 28 deltakarar. Distriktsråd omsorg har i 2020 starta ei satsing på opplæringsfeltet, med mål om å få fleire instruktørar og på sikt sette opp områdevis omsorgskurs i heile fylket. Distriktsrådsmedlem Jan Børge Monsen er utnemnd til opplæringsansvarleg for omsorg og har hatt ansvar for å drive dette arbeidet.

HUMANITÆRE FERIELEIRAR

Sogn og Fjordane Røde Kors arrangerer humanitære ferieleirar for familiar i utfordrande livssituasjonar, og for born og ungdom med særskilte behov. Tilbodet skal gje ei minnerik ferieoppleving, og bidra til inkludering og meistring for grupper som er utsette for å falle utanfor i samfunnet.

FAMILIELEIREN FERIE FOR ALLE

Mange familiar har så svak økonomi at dei ikkje har ressursar til å reise på ferie. Skiljet mellom fattig og rik er vorte større i Noreg, noko som rammar spesielt borna. Nærare 111 000 born under 18 år budde i 2018 i hushaldningar med vedvarande låginntekt. Talet aukar stadig, og i alt 11,3 prosent av alle born tilhøyrer no ei låginntektsushaldning. Det er særleg hushald med svak tilknytning til arbeidsmarknaden, og som difor i stor grad er avhengige av overføringar, som er utsette for låginntekt (SSB 04.03.20). Når fleirtalet opplever stor materiell velstand, vert kvardagen desto meir utfordrande for borna som fell utanfor. Ferie for alle har som mål å gje born og unge som elles ikkje ville

hatt moglegheita, høve til å skape varige ferieminne saman med familien.

I 2020 la Sogn og Fjordane til rette for leiropphald til i alt 192 born og vaksne. Dette var fordelt på to vinterleirar i Stryn over fire dagar kvar (totalt 73 deltakarar) og to sommarleirar på Haugland i Flekke over fire dagar kvar (totalt 119 deltakarar).

Behovet for dette tilbodet er stort, og det er kvart år venteliste på tilbodet. I resten av landet er det òg fleire søkarar enn kva tilbodet klarar å dekke. Vinterleirane vart avvikla før pandemien sette inn. For sommarleirane måtte vi redusere tal deltakarar av omsyn til smittevern, slik at vi berre hadde kapasitet til å gi tilbod til halvparten av det vi har i eit normalår. Ventelista for sommarleirane vart difor lang i år, og vi ville gjerne gje eit plaster på såret til dei som ikkje fekk plass. I tett samarbeid med nasjonalkontoret og næringslivet fekk 16 familiar med i alt 50 born under 18 år tilbod om aktivitetspakkar eller opplevingspakkar. Dette vart godt motteke.

BARNE- OG UNGDOMSLEIR

Målet med leiren for born og unge med særskilde behov i aldersgruppa 8–30 år er å gje moglegheit for nettverksbygging, sosial utvikling og oppleving av meistring. Sommaren 2020 var det planlagt ei kjekk leirveke på Haugland med aktivitetar som bading, bogeskyting, båt- og fiskeaktivitet, og sosiale tilstellingar på kveldane. Sidan målgruppa for denne leiren er i risikograppa for covid-19, såg ein seg nøydde å avlyse leiren. Søkjartala til denne leiren har gått ned dei seinare åra, men det er likevel eit viktig tiltak for dei som nyttar seg av tilbodet.

FRIVILLIGE

Det er dei frivillige ferievertane som drifrar leirane og legg til rette aktivitetane for deltakarane. Dei spelar ei viktig rolle i å skape trygge rammer, og bidra til inkludering og samhold mellom store og små, og mellom ulike kulturar. Dei frivillige er i alle aldrar og med ulik bakgrunn, og gjer på den måten leirane mangfaldige.

I 2020 hadde vi rekordmange frivillige som bidrog på leirane våre. I vinterferien var det høvesvis 7 og 5 frivillige på dei to leirane, og i sommarferien bidrog 19 frivillige første leirveka og 18 frivillige andre leirveka. Desse frivillige har bidrege med nær 49 veker innsats på leirane våre for 2020!

Opplæring av dei frivillige og forståing av rolla deira som frivillige i Røde Korswww er eit viktig tiltak for kvalitetssikringa av leirane. Før oppstart av leirveka skal dei ha gjennomført introduksjonskurs til Røde Kors, temakurs oppvekst og første-hjelpsopplæring. Det er òg krav om å vise gyldig politiattest og signere Røde Kors si etikk- og teieplikterklæring.

NATTEVANDRING

Aktiviteten er til for å skape tryggleik der ungdom er og ferdast, med spesielt fokus på diverse arrangement og aktivitet i helgane. Fleire lokale ledd har gode avtalar med samarbeidspartnarar og kommunar. Fleire stader er det god dialog med skulane,

der det vert informert om aktiviteten på foreldremøta og slik rekruttert frivillige. Fleire har vore med i mange år og sikrar overlapping og at det er alltid er erfarne frivillige tilgjengeleg. I Sogn og Fjordane er det nattevandring i Aurland, Eid, Flora, Førde, Gloppen, Sogndal og Stryn. I 2020 har det vore mindre aktivitet, då fleire arrangement og festivalar er vorte avlyste.

BARNAS RØDE KORS

I Sogn og Fjordane har BARK-laga hatt som tradisjon å fokusere på aktivitetar innan friluftsliv, førstehjelp og søk og redning, og sentralt i desse aktivitetane ligg Røde Kors sine verdiar og prinsipp. Vi har hatt aktivitetar som bidreg til meir kunnskap om den internasjonale verda vi lever i, og dei utfordringane som vi kan sjå der. Til dømes lærar borna meir om flyktningar og det å flykte. Borna har òg fått høve til å lære om ambulansetjenesta, brannvesenet og politiet. Vidare har borna fått sitte i båt og gjennomført «søk» etter dokker. Barnas Røde Kors er ein aktivitet for born i alderen 6 til 12 år. I 2020 var det aktivitet fram til samfunnet vart stengt ned i mars grunna covid-19, etter dette var det ikkje aktivitet av omsyn til smittevern.

JULEGLEDER FOR BARN

Sogn og Fjordane Røde Kors har i samarbeid med lokalforeiningane og Gjensidigestiftelsen delt ut gåver og opplevingar til 1578 barn jula 2020. Alle kommunane i distriktet var dekte av ordninga. Julegleder for barn er organisert i tett samarbeid med kommunalt hjelpeapparat som til dømes NAV, barnevern og flyktningkonsulentar for å nå dei som treng det mest. Det har vore god mediedekning av tilbodet, med mellom anna radio-innslag på NRK Sogn og Fjordane og nyhendeoppslag i lokalavisar. Distriktsrådet ynskjer å takke lokalforeiningane i fylket for framifrå innsats med gjennomføringa.

BESØKSTENESTA

Besøkstenesta er den største omsorgsaktiviteten i Sogn og Fjordane Røde Kors. Heile 23 av 26 lokalforeiningar tilbyr denne aktiviteten, og det er i overkant av 650 frivillige fordelt over heile fylket. Besøkstenesta har eit mangfald av aktivitetar, med mellom anna bingo, musikk og dans, trimturar, «bok på døra», pensjonistturar og besøksvenn med hund. I 2020 vart mykje av den planlagde aktiviteten avlyst eller utsett grunna pandemien. Det var planlagt kurs for besøksvenn med hund på Leikanger, og ein hadde rekruttert ein aktuell kandidat som skulle delta på kurs for å bli instruktør for besøksvenn med hund. Begge desse kursa måtte diverre avlyst grunna pandemien.

Besøkstenestene har vore særskilte kreative i eit annleis år, der dei mellom anna har lagt om fysisk aktivitet til ringeven og digitale plattformer, gitt tilbod om matlevering, bok på døra og utekonserter. I desember ynskjer Sogn og Fjordane Røde Kors å støtte lokale ledd i dette viktige arbeidet, og ein gav tilbod om «Førjulsglede for eldre», der lokale besøkstenester fekk økonomisk støtte til å dele ut blomehelsing til målgruppa dei vanlegvis ville møtt fysisk fleire gonger i året. 19 lokale ledd nytta seg av tilbodet.

BESØKSTENESTE UNG

Besøksteneste ung er eit prosjekt som vart vedteke våren 2020. Målet er å redusere einsemd blant eldre og ungdom ved å engasjere fleire unge til å bli humanitære ressursar i Røde Kors for både unge og eldre, gjennom å starte opp «besøksteneste ung»-grupper i lokalforeiningar i Sogn og Fjordane. Målet er 10 slike grupper innan slutten av 2023.

Bakgrunnen for prosjektet er at eldre som bur åleine, ofte opplever einsemd. Å få besøk frå besøksvenner i Røde Kors bidreg til å redusere denne einsemda. Einsemd er òg eit stort problem hjå ungdommen, særleg ungdom som er nyttilflytta og skal til med studium eller ny jobb. Oppretting av «besøksteneste ung» (heretter BTU) har som føremål å dekke begge desse behova, ved å engasjere ungdom inn som besøksvenner i Røde Kors. I dag er det få ungdommar som er engasjerte i den ordinære besøkstenesta i Sogn og Fjordane. Målet er at dei unge besøksvennene skal bygge eit fellesskap med kvarandre, og saman tileigne seg kunnskap, kompetanse og tryggleik i arbeidet med eldre. Denne tryggleiken vil kunne bidra til at ungdommen etter kvart engasjerer seg inn i den ordinære besøkstenesta.

Parallelt har Sogn og Fjordane Røde Kors eit samarbeid med Georgia Røde Kors gjennom eit twinning-prosjekt. Eit av måla i twinning-prosjektet er at Sogn og Fjordane Røde Kors og Georgia Røde Kors deler erfaringar og tips knytt til arbeid med ungdom og eldre med kvarandre. Det vil kunne verte ei moglegheit for ungdom som er engasjert i BTU, å reise til Georgia for å dele si erfaring.

I 2020 vart det oppretta ein pilot i Førde, med leiar for besøkstenesta, Eva Marie Halvorsen, som aktivitetsansvarleg og leiar for lokalråd ungdom, Jostein Vedvik, som aktivitetsleiar. Aktiviteten har kome godt i gang, med ungdom som besøker bebuarar i omsorgsbustader annakvar veke. I tillegg har ungdommen treffpunkt etter besøka, der dei gjer kjekke ting i lag og styrker fellesskapet dei imellom.

NETTVERKSARBEID

Nettverksarbeid er eit tilbod til menneske som ynskjer auka sosial kontakt og moglegheit til å byggje sosiale nettverk. To lokalforeiningar i distriktet driv denne aktiviteten. Førde Røde Kors samarbeider med Mental Helse om nettverksarbeidet «Møteplassen». Annakvar torsdag har dei aktivitet som bingo og servering av heimebakst og frukt. Sogndal Røde Kors arrangerer «Møteplass kafé» annakvar veke i nært samarbeid med kommunen si psykiatriteneste, frisklivssentralen og frivilligsentralen. Dei har servering og kjekke aktivitetar som kviss, underhaldning og juleavslutning.

VISITORTENESTA

Vik Røde Kors driv visitortenesta, der frivillige vitjar innsette i Vik fengsel. I 2020 har det vore lite aktivitet grunna pandemien. I eit normalår tilbyr visitorane både ein-til-ein-besøk og fellessamlingar med ulike aktivitetar.

VITNESTØTTE

Vitnestøttene er frivillige som gir viktig medmenneskeleg støtte og praktisk informasjon til vitna i tingretten. Førde Røde Kors tilbyr denne aktiviteten i nært samarbeid med Sogn og

Fjordane tingrett, og har i 2020 hatt 9 aktive vitnestøtter. Grunna pandemien har ikkje tingretten kunna ta mot eksterne, og det har difor vore lite aktivitet i 2020. I oktober vart det gjennomført gruppesamtale med vitnestøttene i tråd med retningslinene for aktiviteten. Det kom fram at samarbeidet mellom Røde Kors og tingretten fungerer godt, og at vitnestøttene finn aktiviteten givande.

MIGRASJON OG FLEIRKULTUR

2020 har vore nok eit år med godt fokus på migrasjonsarbeid. Vi har gjennomført den andre utgåva av Til topps på distriktsnivå, og fleire lokalforeiningar har arrangert egne lokale familiedagar for barnefamiljar i målgruppa. Røde Kors-foreiningane har jobba godt for å møte behova, og fokuset har vore å sørge for at dei gode aktivitetane har vorte tilgjengelege for målgruppa igjennom dette vanskelege koronaåret.

Aktivitet	Tal	Lokalforeiningar
Møteplassar	7	Aurland, Eid, Flora, Førde, Lærdal, Sogndal og Svelgen-Bremanger
Til topps	5	Balestrand, Eid, Flora, Sogndal, og Svelgen-Bremanger
Lokale familiedagar	6	Askvoll, Aurland, Florø, Luster, Sogndal, Stryn
Andre migrasjonsaktivitetar	2	Førde (2), Sogndal (3), Luster

MØTEPLASSAR

Det er 7 lokalforeiningar som har hatt ei form for sosial møteplass. Dette er den migrasjonsaktiviteten som står sterkest i fylket. Terskelen for å møte opp på desse møteplassane skal vere låg, og det er ynskjeleg at både etnisk norske og migrantar møter opp. Hovudføremålet er at migrantane skal få trening i å snakke norsk på ein uformell arena samstundes som dei vert kjende med andre lokalt.

TIL TOPPS

I 2020 ble det andre Til Topps på distriktsnivå gjennomført i Sogn og Fjordane. Målet for turen var Raudmelen i Balestrand. Vi nytta 4 bussar som tok turen den 20. juni. Til saman deltok 90 deltakarar frå 5 lokalforeiningar. Nesten alle nådde toppen trass i at turen var ganske krevjande. Dagen vart avslutta med middag på Kviknes hotell. I forkant fekk dessverre ikkje dei fleste lokalforeiningane gjennomført lokale turar som del av førebuinga til turen på grunn av koronapandemien.

LOKALE FAMILIEDAGAR

Som alternativ til topptur for born og barnefamiljar oppmoda distriktet lokalforeiningane til å arrangere lokale familiedagar. Dette var tredje året distriktet har gjeve støtte til slike arrangement. I 2020 var det heile 6 lokalforeiningar som gjennomførte eit slikt arrangement, og til saman deltok kring 200 deltakarar, noko som er veldig bra med tanke på koronarestriksjonar.

ANDRE MIGRASJONSAKTIVITETAR

I 2020 har fleire lokalforeiningar halde fram med satsingar på ulike prosjekt for å fremje integrering. Mellom anna har det vore internasjonalt kor, handarbeidsgrupper, symjetrening for innvandrarvinner og samarbeid med ei nyoppstarta lågterskel fotballgruppe for alle nasjonalitetar.

Arne Dale Britt Optun Patricia Seglem Lægrei Jan Børge Monsen

Ingunn Myrøldhaug Skarstein Jan W. Sande Jorunn Selseng Aasen

DISTRIKTSRÅD UNGDOM

ÅRSMELDING 2020

Distriktsråd for Røde Kors Ungdom

har vore samansett slik frå 1 mars:

Leiar: Jon Atle Rise, Svelgen-Bremanger

Nestleiar: Olaug Søvde-Berg, Førde

Medlem: Jostein Vedvik, Førde

Medlem: Marte Heggstad, Luster

Medlem: Runa-Mari Måseidvåg, Lærdal

Medlem: Muetez Jemal, Førde

1. vara: Robert Risnes, Førde

Rådet har hatt 6 møte og handsama 68 saker i 2020. I tillegg har rådet hatt eit eige arbeidsutval med Jon Atle Rise, Olaug Søvde-Berg og Jostein Vedvik. Arbeidsutvalet har hatt 7 møte og handsama 31 saker. Arbeidsutvalet sin funksjon er å ta avgjersler innimellom distriktsrådsmøta for å sørge for framdrift i dei prosjekta/oppgåvene distriktsrådet har vedtatt.

Jostein Vedvik og Runa-Mari Måseidvåg har representert distriktsrådet i internasjonalt utval. Marte Heggstad og Robert Risnes har representert distriktsrådet i beredskapsutvalet. Jon Atle Rise har representert distriktsrådet i distriktsstyret. Marte Heggstad har representert distriktsrådet i opplæringsutvalet.

VALMØTE

Valmøtet for distriktsrådet vart halde i samband med Røde Kors-fylkestreffet 28. februar til 1. mars 2020. Møtet blei arrangert søndag 1. mars med 16 røysteføre.

RØDE KORS-FYLKESTREFF PÅ SKILBREI

Distriktsrådet har arrangert eitt fylkestreff i 2020 på Skilbrei. Treffet vart arrangert 28. februar til 1. mars. Det var planlagt eit treff 21. til 22. november, men dette vart avlyst av omsyn til smittevern i samband med covid-19.

Det var 45 deltakarar på treffet i mars. Vi inviterer fast med oss studentar frå Røde Kors Nordisk United World College, der dei fungerer både som deltakarar og frivillige som hjelper oss å gjennomføre programmet. Dei har fått sende 5 studentar på kvart av treffa.

På treffet gjennomførte vi parallelle verkstader. Ein med relevante aktivitetar for dei som er aktive i RØFF, og ein med opplæring i internasjonal humanitær rett (IHR). Dette vart godt motteke. Elles var det laging av mat på bålpanne, orientering og diskusjon om det internasjonale arbeidet med Georgia Røde Kors, karaoke og valmøte.

SMERTA EIN IKKJE SER 2020 – FLORØ

Distriktsrådet starta eit arbeid med Smerta ein ikkje ser 2020, som skulle bli arrangert i Florø samfunnshus. Det var avtalt samarbeid med Flora Røde Kors, Flora/Kinn frivilligsentral og Mental Helse Ungdom Nord-Vestland. Arrangementet måtte bli avlyst grunna covid-19.

Inge Nordhaug og Forandringsfabrikken skulle vere innleiarar. Distriktsrådet har vedtatt eit mål om å arrangere konferansen hausten 2021 i Florø. Det er og vedtatt å gjennomføre eit digitalt

direktesendt arrangement april 2021.

Målet med konferansen er å bryte ned maska og fortelje både ungdom og vaksne at det er normalt å føle at ting kan vere vanskeleg til tider, og at det er lov å be om hjelp. Vi vil sette psykisk helse og uhelse på dagsorden, og slik bidra til at kommunane får fleire helsesøstrer og psykologar, med mål om tidleg innsats. Målgruppa for konferansen er ungdom, politikarar, og dei som jobbar med barn og ungdom.

NASJONALT ÅRSMØTE RØDE KORS UNGDOM (ÅRKU)

Sogn og Fjordane Røde Kors var representert med 3 delegatar. Desse var til stades:

Jon Atle Rise, delegat frå distriktsrådet.

Olaug Søvde-Nerg, delegat frå distriktsrådet

Jostein Vedvik, delegat frå Førde Røde Kors ungdom

Jon Atle var leiar av redaksjonskomiteen under årsmøtet. Olaug var medlem av valkomiteen.

Delegasjonen hadde felles møte i lag med delegasjonane frå Hordaland Røde Kors Ungdom og Rogaland Røde Kors Ungdom. Dei hadde eit eige formøte på ei digital vestlandssamling 10. oktober. Her laga dei eit felles framlegg som vart presentert under ÅRKU. Våre delegatar var aktive i debatten og hadde ordet fleire gonger i lag med representantar frå Hordaland og Rogaland. Det var eit samarbeid med fleire distrikt i Sør-Noreg og Midt-Noreg. Sogn og Fjordane hadde i lag med Hordaland og Rogaland sendt inn nesten 40 framlegg/endringsframlegg. Dei vann fram med mange av framlegga.

LANDSLEIR 2020

Sogn og Fjordane Røde Kors vart i 2019 tildelt prosjektleiinga for Røde Kors Ungdom sin årlege landsleir. Landsleiren skulle bli arrangert i veke 26 i 2020, med ein raud tråd knytt til klima og beredskap. Innleiarane skulle vere Selda Ekiz, Bård Vegar Solhjell (Norad), Norsk klimaservicesenter, Kamzy Gunaratnam m.fl. Arrangementet måtte avlysast grunna covid-19. Planane for 2020 blir lagt som grunnlag for 2021, med tilpassingar i programoppsettet.

PRIDE SOGN OG FJORDANE 2020

Pride var arrangert som eit digitalt arrangement i 2020.

Pride er eit viktig arrangement for Røde Kors for å tydeleggjere vårt standpunkt, og vårt tydelege prinsipp om medmenneskelegheit og beskyttelse av dei humanitære rettane.

Leiar Jon Atle Rise, og nestleiar Olaug Søvde-Berg sende i lag inn ein video der dei poengtera viktigheita av arrangementet og det arbeidet som blir gjort.

ANNA REPRESENTASJON

- 11. januar, leiarsamlinga: Jostein Vedvik
- 28. mars, digitalt distriktsårsmøte: Olaug Søvde-Berg, Jostein Vedvik, Runa-Mari Måseidvåg, Muetez Jemal og Marte Heggstad

- 25. mai, digital mini-inspirasjonssamling nasjonalt: Jon Atle Rise
- 3.–4. oktober, landsmøte Norges Røde Kors: Jon Atle Rise
- 10. oktober, digital vestlandssamling for Røde Kors Ungdom i Sogn og Fjordane, Rogaland og Hordaland: Jon Atle Rise, Jostein Vedvik, Marte Heggstad, Olaug Søvde-Berg, Runa-Mari Måseidvåg og Robert Risnes.
- 23.–24. oktober, ungdomskveik i Luster: Jon Atle Rise, Olaug Søvde-Berg, Marte Heggstad og Jostein Vedvik

AKTIVT VAL

Aktivt val seksualopplysning er ein informasjons- og haldnings-skapande aktivitet retta mot ungdom. Målet er å gje ungdom sunne ideal og gode haldningar til eigen og andre sin seksualitet. Ungdom skal få relevant kunnskap og slik oppleve auka tryggleik når dei sjølve skal debutere seksuelt.

Sidan 2008 har Sogn og Fjordane Røde Kors hatt eit samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane (HISF), og har blitt vidareført med Høgskulen på Vestlandet (HVL). Sjukepleiar-studentar vel praksis hjå Røde Kors som går på helsefremmande og førebyggjande arbeid. Dei vert sertifiserte som instruktørar i temaet seksuell helse, og i praksisperioden på to veker reiser dei til ungdoms- og vidaregåande skular i Sogn og Fjordane for å undervise i temaet. I 2020 gjennomførte 4 studentar instruktørkurset i seksuell helse. Diverre blei praksisen for studentane avlyst av leiinga på Høgskulen på Vestlandet grunna covid-19.

STOPP VALDEN

Stopp valden-prosjektet har som mål å gje ungdom og vaksne verkøy til å forstå og førebygge fysisk og psykisk vald. Røde Kors har ein nulltoleranse mot alle former for vald, rasisme, mobbing og utestenging. Under Stopp valden-paraplyen har vi fleire aktivitetar basert på konflikthandtering; skulebesøk, nattevandring og kurs i ikkje-valdeleg kommunikasjon er dei tre viktigaste.

I fleire år har vi hatt eit godt samarbeid med ungdomsskule-elevar og russ ved vgs. der lokalforeiningane har høve til å halde appellar og innlegg om eit samfunn utan vald, mobbing, rasisme og utestenging. I desse åra har elevane og russ blitt tilbydd t-skjorter, strykemerke til russedressen, multiluer og armband med Stopp valden-emblemet som eit prov på deira motstand mot fysisk og psykisk vald.

Vidare byrja vi i 2017 med konferansen «Smerta ein ikkje ser» – ein konferanse om ung psykisk helse, som eit tiltak under Stopp valden for å løfte fram den smerta som ungdom og andre stenger inne. Dette for å bryte ned tabuet rundt einsemd, og lære både vaksne og ungdom at det er lov å spørje om hjelp. I 2020 var det lagt planar for å arrangere konferansen i Florø i lag med Flora Røde Kors, Flora frivilligsentral og Mental Helse Ungdom Nord-Vestland. Konferansen vart diverre avlyst av omsyn til covid-19.

RØFF

I 2020 har vi hatt RØFF-aktivitet i Svelgen-Bremanger, Gulen, Eid og Lærdal. Lærdal starta opp på hausten. RØFF har aktivitetar innan friluftsliv og førstehjelp, med fokus på å gjere ungdomar trygge på seg sjølv og gje dei erfaring med å ta ansvar. Prinsippa til Røde Kors står sentralt i aktivitetane som òg er gratis for deltakarane. Turar på fjellet, førstehjelpsopplæring, matlaging på bål, korleis bruke naturen og gode opplevingar i lag er nokre av dei viktigaste momenta RØFF jobbar med.

Det er òg blitt jobba litt med digital RØFF i Svelgen-Bremanger, for å ta omsyn til avgrensingane covid-19 gav aktiviteten. Elles blei aktiviteten redusert fleire stadar, men RØFF-laga gjorde sitt beste på å lage aktivitet som tok omsyn til smittevernsreglane i godt samarbeid med distriktskontoret og kommunelegane.

UNGDOMSDELEGATPROGRAMMET

I 2018/2019 søkte distriktsråd ungdom i lag med Førde Røde Kors om å få ungdomsdelegat-programmet til Sogn og Fjordane. Søknaden blei godkjent og to ungdomsdelegatar, Annie og Nicolas, frå Colombia Røde Kors kom til Førde i september 2019. Dei skulle vere i Førde i 9 mnd. med heimreise i juni. Dette blei forlenga grunna Covid-19. I perioden jobba dei tett i lag med Røde Kors Ungdom i Førde, og arrangerte eit lågterskel sosialt treffpunkt kvar onsdag. Her kunne ungdom kome og slappe av, ete god mat, lære å lage Colombiansk mat, danse, spele ulike data og andre m.m.

I tillegg jobba dei i lag med distriktsrådet, og bidrog på fylkestreff, Kveik og leiarsamlinga. På landsleiren skulle dei ha ansvar for Høegh-senteret, men landsleiren vart avlyst grunna Covid-19. Dei var derimot med på ein av Ferie for alle-leirane i sommar og på vinter-Ferie for alle, og gjorde ein god jobb her. Opphaldet deira gav oss mykje å reflektere over, og vi lærde at Røde Kors Ungdom i Colombia jobbar med alle sårbare grupper, ung til ung, ung til eldre, ung til barn og ung til vaksne. I Noreg har hovudfokuset berre vore på ung til ung. Dette, i lag med erfaringar frå Georgia Røde Kors, gav oss ideen om Besøksteneste ung. Eit samarbeid mellom Røde Kors Ungdom og Røde Kors Omsorg. Det står meir om denne aktiviteten i årsmeldinga for Omsorg.

<i>Jon Atle Rise</i>	<i>Olaug Søvde-Berg</i>	<i>Jostein Vedvik</i>
<i>Marte Heggstad</i>	<i>Runa-Mari Måseidvåg</i>	
<i>Muetez Jemal</i>	<i>Robert Risnes</i>	

INTERNASJONALT UTVAL

ÅRSMELDING 2020

Internasjonalt utval har vore samansett slik:

Einar Målsnes, Balestrand, leiar

Marit Kvalen, Luster

Torunn Lucassen, Førde

Jorun Selseng Aasen, distriktsråd omsorg

Cato Andre Kvamme, distriktsråd hjelpekorps (til juni)

Jostein Vedvik og Runa Måseidvåg, distriktsråd ungdom

Utvalet har hatt 3 møter i 2020 og behandla 13 saker.

INTERNASJONALT DISTRIKTSSAMARBEID MED GEORGIA RØDE KORS (2019-2021)

Valet av nytt internasjonalt distriktssamarbeid (Twinning-prosjekt) fall på Georgia Røde Kors, etter ei avgjerd på distriktsårsmøtet i 2019. Avtale kom på plass i desember 2019.

Dette Twinning-prosjektet er eit formelt samarbeid mellom Sogn og Fjordane Røde Kors og Georgia Røde Kors, men gjeld 6 lokalforeiningar i Georgia: Kutaisi, Khulo, Batumi, Borjumi, Chokatauri og Ozurgeti. Blant desse er det både by- og landsbyforeiningar, og det er stor variasjon i storleik og ressursar. På reisa vår i februar 2019 besøkte vi alle desse 6 lokale ledda, og fekk eit godt inntrykk av moglegheiter og utfordringar.

2020 – DET FØRSTE AKTIVE ÅRET

2020 skulle vere året der vi skulle komme i gang og starte arbeidet i tråd med handlingsplan og budsjett. To workshopar (førstehjelp og beredskap) og utveksling begge vegar var planlagt. Men i staden blei 2020 året der verda måtte fokusere på ein altomfattande pandemi.

I april/mai blei det gjort ei ekstraordinær løyving av distriktsstyret på kr 50 000,- for å dekke akutte behov for smittevernutstyr til dei frivillige og hygienepakkar til sårbare grupper. Dette var for å avhjelpe dei akutte behova koronapandemien skapte hjå våre Røde Kors-vener i Georgia

Dei planlagde workshopane i mai og august blei først utsett, men så etter kvart innsåg vi alle at vi ikkje fekk levert noko av det som var planlagt i 2020. Pengane som var overført tidleg på året for aktivitetar første halvår, blei etter ein søknad frå Georgia omdisponert til å etablere to servicesenter i Batumi og Chokatauri.

Januar 2021

Internasjonalt utval Sogn og Fjordane Røde Kors

Einar Målsnes

Marit Kvalen

Jorun Selseng Aasen

Torunn Lucassen

Runa Måseidvåg

Jostein Vedvik

HUMANITÆRT PÅVERKNADSARBEID

ÅRSMELDING 2020

Både statsminister Erna Solberg og kronprinsparet har fått innblikk i kva Røde Kors i Sogn og Fjordane har bidratt med i koronaåret. Samtidig har koronapandemien redusert aktivitetsnivået såpass mykje at vi har hatt langt mindre å syne fram enn tidlegare år.

GOD ATTEST

Det var Inger Johanne Brekke frå Eid Røde Kors som fekk høve til å delta i teams-møte med kronprins Håkon Magnus og kronprinsesse Mette-Marit. Dei ville høyre om innsatsen den første tida av koronanedstenginga i mars og april. Balestrand Røde Kors sin ringerunde rundt i bygda for å høyre med innbyggarane korleis det stod til i same periode, var noko statsminister Erna Solberg trekte fram då ho talte til landsmøtet vårt i oktober. Når vår budskap og frivillige innsats under koronapandemien når heilt fram til statsminister og kongehus, er det ein attest utanfrå om at det vi held på med, har ein verdi.

SYNLEGHEIT I MOTBAKKE

Gjennom eit år der smitteverntiltak har medført nedstengd aktivitet store deler av året, har distriktet likevel klart å vere synlege med eige innhald på våre nettsider og i sosiale medier. Sjølv om vi har hatt nedgang i trafikk på nettsidene i forhold til rekordåret 2019, og mindre vekst og engasjement i sosiale medium enn vi ønskte, er statistikken betre enn i 2018.

Lokalavisene og NRK Vestland nemnde Røde Kors rekordmange 1299 gonger i fjor ifølgje mediebyrået m360 som Røde Kors nyttar. Ved nærare ettersyn har det vore ein nedgang av dei gjennomarbeidde lokale Røde Kors-sakene innanfor kjerneaktivitetane våre. Også det har truleg samanheng med at aktivitetsnivået har vore lågare. Størst nedgang er det i omtale av migrasjonsområdet og oppvekst. Søk og redning har ein markant auke, noko som skuldast både fleire omfattande aksjonar som vart dekte av nasjonale medium, men også at hjelpekorpsa i aukande grad bidreg med eigne foto og uttaler som blir brukt av media. Desse bildene og uttalene gjev verdifull innsikt, som media er interessert å formidle til publikum.


TALSPERSONAR

Som talspersonar har vi til dels nådd igjennom med å syne fram vår telefonven-tilbod til eldre under pandemien. I samband med verdas eldredag fekk vi på trykk innlegg i dei fleste lokalavisene våre, dessutan laga NRK sak om at vi var bekymra for helsa til dei mest isolerte eldre. Vi har også fått ut informasjon om barn i familiar med svak økonomi, i samband med Ferie for alle, Julegleder og julematkasse. Mange lokalforeiningar har også vore aktive og fått eigne saker på trykk.


LOKAL AKTIVITET PÅ SOME

I 2020 var det om lag ein tredjedel av lokalforeiningane som tydeleg satsa på å vere synleg i lokalsamfunnet sitt gjennom Facebook. Hovudintrykket er at dette skaper positivt lokalt engasjement og av og til avkastningar i form av medieoppslag. Det er oppretta eit nettverk for lokalt sosiale medium-ansvarlege. Det skal bidra til auka kompetanse, interesse og motivasjon hjå dei som deltek, og til inspirasjon for andre til å utvikle eiga synlegheit.

Avspelingar på Youtube



Følgjarar på Facebook SFRK



LOKAL KAPASITET - REKRUTTERING

ÅRSMELDING 2020

Til saman 17 lokalforeiningar har i løpet av året gjennomført rekrutteringstiltak initiert av prosjektet. Desse er: Askvoll, Eid, Førde, Gaular, Gloppen, Leikanger, Luster, Lærdal, Olden, Selje, Sogndal, Stryn, Svelgen- Bremanger, Vik, Vikane, Vågsøy og Årdal.

PROSJEKTET

2020 var året distriktet for alvor skulle satse på rekruttering av medlemmer/frivillige i samarbeid med lokalforeiningane. I tråd med dette vart Rune Rajendram tilsett på distriktskontoret 01.01.20, i stillinga som «prosjektleiar rekruttering», med ansvar for å legge til rette for rekruttering av medlemmer og frivillige i lokalforeiningane.

Hovudmålsetjinga med prosjektet var å snu ein trend der medlemstalet sakte, men sikkert har gått nedover sidan 2016, og sørge for ein auke i talet på betalande medlemmer verva av lokalforeiningar. Kort summert kan vi konkludere med at vi har lykkast med det sistnemnde, men for å utdjupe:


I samsvar med handlingsplanen skulle alle 26 lokalforeiningar besøkast gjennom året, bli presenterte for prosjektet og setje i verk nokre grunnleggande rekrutteringstiltak. 11. mars gjekk

startskotet, og Eid Røde Kors vart første lokalforeining ut. Ein produktiv dag resulterte i 17 nye medlemmer og stor optimisme. Ytterlegare tre lokalforeiningar skullebesøkast dei følgjande dagane. Så stengde Noreg.

Frå og med 12. mars vart store delar av norsk samfunnsliv sett på vent. Så også mykje av aktiviteten i Røde Kors – inkludert rekrutteringsarbeidet. Ein situasjon som heldt fram til slutten av august.

FANTASTISK INNSATS

Då vi endeleg kunne ta opp att arbeidet, var responsen stor, og i løpet av tre hektiske månader opna ytterlegare 16 lokalforeiningar dørene og kasta seg over utfordringa dei fekk. Innsatsen var ikkje mindre enn fantastisk. I korte trekk gjekk utfordringa ut på å kontakte utmelde medlemmer og spørje om dei kunne tenke seg å ta opp att medlemskapet sitt. Dette basert på tesen om at mange ikkje har meldt seg ut med vitende og vilje. I tillegg kontakta vi noverande medlemmer som ikkje hadde betalt medlemsavgift for inneverande år, basert på same tese. Den viste seg å stemme, og nye medlemskap vart teikna fortløpande, som det kjem fram av tabellen under.



2020 fekk vi jobba aktivt med rekruttering i fem månader: mai, august, september, oktober og november. Som det kjem fram av tabellen, var det òg i løpet av desse fem månadene distriktet opplevde ein auke i medlemstalet.

Gjennom november og desember eskalerte smittesituasjonen, avtalte lokalforeiningsbesøk måtte avlysast og nye besøk vart sette på vent. Om situasjonen hadde vore ein annan, ville vi truleg nådd målet om å involvere alle 26 lokalforeiningar i prosjektet i løpet av 2020.

RESULTAT

Rekrutteringsarbeidet til distriktet blir målt på talmedlemmer rekruttert av lokalforeiningar, altså betalande medlemmer ekskludert gjevvarmedlemskap, også omtalt som feltsal. Legg ein desse kriteria til grunn, opplever vi ein oppgang i talet på medlemmer for første gong på fem år.

I 2019 var medlemstalet i distriktet 5289 inkludert gjevvarmedlemskap. Vert dei 264 feltsala gjort i 2019 trukke ut, endar vi

på 5025 medlemmer. I 2020 enda medlemstalet 5147 medlemmer inkludert gjevvarmedlemskap. Trekker vi ut 38 feltsal, er resultatet 5109, altså ein oppgang på 85 medlemmer.

Så var det malurta i begeret. Dei offisielle medlemstala til Røde Kors blir oppgjevne inkludert gjevvarmedlemskap.. Med det enda vi opp med ein tilbakegang i tal betalande medlemmer på 2,68 %, ein nedgang på 142 medlemmer. På landsbasis var nedgangen i medlemstal på 5,91 %.

Bak desse tala kan vi på distriktsnivå oppsummere at 13 lokalforeiningar opplevde positiv medlems- utvikling i 2020, medan ytterlegare sju lokalforeiningar berre var ei handfull nyrekrutteringar unna grøne tal. Nedgangen på distriktsnivå kan i hovudsak tilskrivas ein større tilbakegang i medlemstal i seks lokalforeiningar.

OPPLÆRING OG DIGITALE SPRANG

Som på mange andre område har 2020 vore eit krevjande år også når det gjeld kurs og opplæring. Den uføreseielege situasjonen med skiftande nivå av smittevern har gjort det vanskeleg å legge og følge planar, og mykje har såleis blitt utsett eller avlyst som følgje av pandemien.

Samstundes kan vi notere viktige framsteg når det gjeld arbeidet med føresetnadene for opplæring og instruktørutdanning i alle avdelingane. Distriktråda har oppnemnt kvar sin opplæringsansvarlege, og desse har saman drøfta og lagt rammer for vidare samarbeid om å rekruttere og lære opp fleire kursshaldarar. Sjølv om det planlagde pedagogikkurset i haust måtte utsetjast til 2021, kan vi sikte mot eit større og breiare samansett knippe med instruktørkandidatar når den tid kjem. Såleis er også grunnlaget lagt for at nye instruktørar innanfor dei ulike avdelingane kan trekke vekslar på den ulike fag- og erfaringsbakgrunnen dei kjem inn med.

Mange har også lært mykje om digitale verktøy dette året. Tillitsvalde frå heile distriktet var med på eit stort løft då distriktsårs møtet vart arrangert på den digitale møteplattforma Teams, og det har vi kunna bygge vidare på utover året. Sett under eitt har den digitale kompetansehevinga i organisasjonen vore i ein heilt annan divisjon enn nokon hadde førestilt seg før koronaviruset kom til landet. Det brått oppståtte og presserande behovet for å kunna møtast digitalt har framskunda digitaliseringsinnsatsen vår i eit omfang som under normale omstende ville kravd mange års satsing og oppfølging.

Sjølv om fysiske møte har nokre føremoner som ikkje kan overførast til det digitale, er møte via skjerm eit godt alternativ i situasjonar der ein ikkje kan møtast andlet til andlet, og ikkje minst ein styrke for beredskapen. I tillegg kan dei digitale møteplattformene senke terskelen for å møtast og samarbeide på tvers av geografiske avstandar også når pandemien er tilbakelagd – både mellom distriktsleddet og lokale ledd, og lokale ledd seg i mellom. Ikkje som ei erstatning for fysiske møte, men som eit supplement og ei praktisk moglegheit som har gått frå å vere hypotetisk til å vere kvardagsleg.

PERSONVERN

I takt med digitaliseringa blir arbeidet med personvern i Røde Kors stadig viktigare. Å handsome personopplysningar digitalt kan innebere større risiko dersom ein opptrer aktlaust, men det kan òg redusere risiko dersom ein følgjer gode rutinar og retningslinjer. Når informasjonen blir lagra og handtert i datasystem Røde Kors har kontroll på, gir det organisasjonen høve til å halde oversikt og orden i at reglar og lovkrav blir følgde, og at berre rette vedkomande får tilgang til gitte opplysningar.

Som følgje av den nye personopplysningslova har heile Norges Røde Kors arbeidd med å lage rutinar og grunnlagsdokumentasjon som skal gjere organisasjonen i stand til å verke i samsvar med lova på alle nivå. Dette arbeidet har gått føre seg heile året, og vil måtte halde fram. Alle distrikt har utnemnt eigen personvernkoordinator, som samarbeider med personvernombodet på nasjonalkontoret. Gjennom dette samarbeidet har distriktet fått utarbeidd sin lovpålagde personvernprotokoll, og elles avklart større og mindre spørsmål som har meldt seg gjennom det daglege arbeidet. Distriktet har bidrege til å kartlegge personopplysningshandsaminga i dei fleste av våre lokale ledd, som igjen vil danne grunnlaget for å utarbeide lokale protokollar der det er påkravd.

Personvernarbeidet vil ikkje ta slutt når den naudsynte dokumentasjonen er på plass. Å sjå til at vi handsamar personopplysningar i tråd med eit nytt og strengare lovverk, vil måtte vere ein del av det daglege arbeidet i overskødeleg framtid. Det treng ikkje innebere utilbørlege mengder ekstraarbeid; godt personvern handlar vel så mykje om å gjere riktig dei tinga ein allereie gjer, heller enn å gjere masse ekstra. Organisasjonar som gjer det riktig, vil spare seg store omdømmetap og overtredingsgebyr, og danne grunnlaget for framtidsretta drift i ein digital tidsalder.

ÅRSMØTE OG SAMLINGAR

LEIARSAMLINGA

vart halde på Skei 11. januar med 73 deltakarar frå heile 24 lokalforeiningar. Distriktsleiar Synøve Sande ynskta velkomen til eit nytt Røde Kors-år.

Politiinspektør og leiar for tenesteområde Sogn og Fjordane, Arne Johannesen, innleia og inviterte til drøfting med temaet 'Korleis verkar ny organisering av politiet inn på Røde Kors?' Han presenterte organiseringa internt i Sogn og Fjordane og i høve politikammeret i Bergen, og gav eksempel på korleis dei prioriterte funksjonane i denne organiseringa skulle fungere. Han framheva kva dei skulle ha fokus på i tida framover, der dei skal ha eit særleg fokus på born, og på førebyggjande arbeid.

Samhandlinga mellom politiet og frivillige organisasjonar var naturleg nok eit sentralt tema. Han opplevde at det var god dialog med Røde Kors på alle nivå, men oppmoda lokale ledd til å vere aktive, ta kontakt og etablere dialog med dei lokale tenesteeiningane. Det er enklare å samhandle i aksjons- og beredskapssamanheng når ein er litt kjent, har snakka saman og kjenner til kva ein kan bidra med. Dei lokale politiråda skal ha ein funksjon i den samanheng. Han fekk til god dialog med deltakarane i møtet og fleire aktuelle og utfordrande tema vart trukke inn i drøftingane. Erfaringane frå tidlegare år gjorde med meir tid til dialog og samhandling ved betre tid i pausar og til lunsj, var vidareført, og det nytta deltakarane godt.

Etter lunsj var det sett fleire tema på saksartet og presentert i korte seksvensar; årsmøtemalar og -rutinar, samt orienteringar og innbydingar til å bidra i samband med landsleir for Røde Kors Ungdom i juli, fylkestreff for ungdom, distriktsårsmøtet i Sogndal i mars, og landsmøtet på Lillestrøm i oktober.

Vidare vart medlemsrekrutteringsprosjektet og det nye Internasjonalt distriktsprosjektet med Georgia Røde Kors presentert, 8. mai-kampanjen med førstehjelpsfokus, korleis ein kan sikre god lokal informasjonsberedskap, og bruke datasystema betre til å følgje opp frivillige. Til sist vart krav til oppfølging av personvernordninga GDPR presentert, og så var det ein gjennomgang av forsikrings-ordningane for frivillige. Informasjonen vart godt motteken av møtelyden.

Avslutninga av samlinga var knytt til leiarrolla med tema 'Entusiasme og engasjement i leiarrolla i Røde Kors'. Dagleg leiar ved distriktskontoret, Dag Hovland, innleia med eksempel og utfordra så deltakarane til å tenke på som gjorde dei sjølve entusiastiske og engasjerte. I mindre grupper vart historiar om dette delt, og etterpå vart nokre eksempel trukke fram i plenum. Røde Kors sin leiarmodell med å sette retning, engasjere og gjennomføre, låg til grunn for ein gjennomgang av kva som er god leiing. Deltakarane vart fordelt i grupper og delte historiar der dei sjølve hadde klart å engasjere andre. Nokre eksempel vart trukke fram og drøfta i plenum.

Bolken om leiartema vart avslutta med kva andre legg vekt på når dei skal bli leia av oss som er leiarar. Det var fleire som vart overraska over kor mykje orda ein brukar, stemma ein brukar og kroppen til den som formidlar, verkar inn på korleis budskapen ein prøver å formidle vert oppfatta.

DISTRIKTSÅRSMØTET

var planlagt halde på Sogndal hotell helga 27. – 29. mars. Koronapandemien og nedstenginga 12. mars førte til at ein måtte omstille seg raskt for å gjennomføre distriktsårsmøtet i ei digital form ein dag den årsmøtehelga. Distriktsstyret ynskta at sakene i årsmøtet skulle kunne handsamast mest mogeleg likt som i eit fysisk gjennomført årsmøte, og det låg til grunn for intense førebuingar i to veker. Alle som alt var påmeldt årsmøtet som delegatar vart invitert med på opplæring og introduksjonsmøter i bruken av teams. Det vart ikkje opna for at fleire delegatar kunne melde seg for å delta, men alle som ville kunne følgje overføringa av årsmøtet som observatørar.

Det vart gjennomført fleire testmøte for dei som skulle delta i valmøta til distriktsråda og i distriktsårsmøtet. I møte med lokalforeinings-leiarane var det avklart at endringsframlegg til sakene skulle sendast inn innan torsdag før årsmøtet, og at kandidatar til medlemskap i redaksjonskomiteen skulle kunne førebu desse før årsmøtet.

Valmøta til distriktsråd omsorg og distriktsråd hjelpekorps vart avvikla på føremiddagen laurdag 28. mars, og sjølve distriktsårsmøtet etter lunsj same dag. Årsmøtet samla 82 deltakarar. Av det var 49 delegatar og 33 observatørar, og av observatørane var åtte gjester og ni tilsette frå distriktskontoret.

Visepresident i Norges Røde Kors og tidlegare distriktsleiar, Hanne-Marie Heggdal, landsstyremedlem Mio Kristiansen, generalsekretær Bernt G. Apeland, og tidlegare distriktsleiarar Arne Dale og Odd Erik Loftesnes var gjester på årsmøtet saman med Stian Antonsen frå landsråd for hjelpekorps i Norges Røde Kors. Representantar frå distriktskontoret i Viken var òg med oss under årsmøtet.

Distriktsleiar Synøve Sande opna møtet. Landsstyremedlem Mio Kristiansen helsa årsmøtet med ein varm og engasjert tale. Distriktsårsmøtet godkjende framlagde forslag til årsmelding og rekneskap for 2019. Årsmeldinga vart tradisjonen tru presentert i ei tonesett bildeframsying.

Oppdatert handlingsprogram for perioden 2018 – 2020 vart gjennomgått og lagt fram til drøfting. Handlingsprogrammet vart godkjent av distriktsårsmøtet. I vedtaket vart distriktsstyret gjeve mynde til å gjere omprioriteringar og tilpassingar som styret finn nødvendig grunna koronapandemien.

Budsjetta for 2020 og 2021 vart godkjende. Som del av vedtaka låg mynde til distriktsstyret om å nytte inntil 10 % av anna formålskapital kvart av åra til investering i utstyr. I vedtaket vart det innarbeidd tilsvarande mynde til å gjere omprioriteringar og tilpassingar som i handlingsprogrammet. Lovene til distriktet vart vedtatt oppdatert. Vedtaket innebar at ordet fylke er tatt ut av lovene som referanse til kva dekningsområde distriktet, og Sogn og Fjordane som referanse står støtt aleine att.

Generalsekretær Bernt G. Apeland helsa årsmøtet etter at sakene var ferdig handsama, og gratulerte med eit vel førebudd og gjennomført, digitalt årsmøte. Visepresident Hanne-Marie Heggdal fekk ordet til slutt, helsa årsmøtet med ei varm og hjarteleg tale, og gratulerte med vel gjennomført.

LANDSMØTET

Landsmøtet var opphavelag lagt til Lillestrøm 2.-4. oktober. Oppblomstringa av koronapandemien etter sommaren førte til at det til sist måtte konkluderast med å avvike landsmøtet og digitalt. Det vart gjennomført fleire testmøter i forkant av sjølve forhandlingane som starta laurdag 3. oktober.

Frå Sogn og Fjordane var det påmeldt 41 deltakarar, av dei 24 delegatar og 17 observatørar. Etter ei kartlegging blant dei påmelde frå distriktet konkluderte distriktsstyret med å legge til rette ei fysisk samling på Skei for at dei som ville det. 23 deltok og dei andre var med på landsmøtet via teams. Det var oppretta ein sidekanal på teams som gjorde at ein kunne ha dialog mellom dei som var samla på Skei og dei som sat heime.

Landsmøtet var planlagt gjennomført laurdag, men med sundag som reservedag. Fleire av sakene laurdag trakk ut i tid, og det vart bestemt å bruke reservedagen. For delegasjonen som var samla på Skei var det avtalt med hotellet at opphaldet kunne bli utvida ved behov.

Distriktet hadde fremja tre forslag til lover, tre forslag til hovudprogrammet, og eit til rammebudsjettet. Lovforslaga gjaldt eit nytt punkt til § 26 om at berre distrikta sjølve kan gjere vedtak om samanslåing med anna distrikt, ei korrigering av foreslått endring til § 33 om at generalsekretæren berre skal ha talerett i landsmøtet, og ikkje forslagsrett, og at eit tillegg til § 39 om at distrikta og kan krevje at det vert kalla inn til ekstraordinært årsmøte. Forslaga til §§ 26 og 33 vart vedtatt som foreslått, og til § 39 vart vedtatt med ei lita korrigering frå redaksjonskomiteen.

Av forslaga til hovudprogrammet vart det om å framheve besøkstenesta omgjort til å framheve omsorg, og så vedtatt. Av dei to nær likelydande forslaga om at nye digitale system måtte

vere føremålstenlege og brukarvenlege, vart det eine vedtatt innarbeidd som foreslått. Forslaget om å framheve digitalisering i rammebudsjettet vart innarbeidd, men på anna punkt enn foreslått. Distriktet slutta seg til redaksjonskomiteen si korrigerende innstilling i sakene som distriktet hadde fremja til hovudprogrammet og rammebudsjettet.

Distriktet fekk med dette mykje att for grundig forarbeid, godt førebudde forslag, og god framføring og argumentasjon i samband med presentasjonen av forslaga i landsmøtet.

I samband med vala i landsmøtet vart Odd Erik Loftesnes vald til nestleiar og Hanne-Marie Heggdal til medlem av kontrollkomiteen. I valmøta til landsråda i forkant av landsmøtet, vart Stian Antonsen vald til varamedlem av landsråd for hjelpekorps, og Berit Flæthe Arntsen vart vald som medlem av valkomiteen til landsråd omsorg.

KVEIK

Dei siste tre åra har den tradisjonelle haustsamlinga vore gjennomført med ambisjon om å femne fleire frivillige. Fleire parallelle kortkurs fredag kveld, plenumssamling før lunsj laurdag med aktuelle fellestema, og nye parallelle sesjonar etter lunsj, og parallelle fagmøte sundag, har vore ei rimeleg suksessrike oppskrift med godt oppmøte og deltaking. Planen var å gjere det same i 2020, men koronapandemien gjorde det umogeleg. Det vart konkludert med å ikkje gjennomføre eit digitalt alternativ, men heller utsette Kveik til januar med von om at det kunne gjerast som ei fysisk samling. I skrivande stund veit vi at det ikkje let seg gjere, og at Kveik vart gjennomført i kombinasjon med leiarsamlinga, som fleire digitalt arrangement helga 15.-17. januar 2021.

SAMARBEIDSPROSJEKT

SAMSPEL

I 2016 utfordra Gjensidigestiftelsen 4H, idrettskrinsen og Røde Kors i Sogn og Fjordane til å gå saman om å arbeide for å inkludere spesielt yngre busette migrantar. Bakgrunnen for utfordringa var tilstrøyminga av flyktingar til Noreg i 2015 og 2016.

Dei tre organisasjonane gjekk saman om prosjektet Samspel, fekk stadfesta finansiering og starta prosjektarbeidet i mars 2017. Målet er å inkludere enkeltpersonar som står i fare for å falle utanfor i organiserte, lokale aktivitetar, og slik forebygge utanforskap. Det er lagt spesielt vekt på å nå tilflyttarar som ikkje er etnisk norske. Det skal skje ved å styrke samarbeidet mellom lokale frivillige organisasjonar gjennom lokale nettverk, slik at fleire får informasjon og kunnskap, blir engasjerte og med i lokale aktivitetar.

Det er utforma informasjonsmateriell for dei tre organisasjonane på ulike språk. Det er gjennomført møte med represen-

tantar frå lokale frivillige organisasjonar fleire stader i fylket om bidrag på felles møteplassar der lokale organisasjonar møter lokale, interesserte deltakarar. Prosjektet har vore med på fleire etablerte lokale fellesarrangement med føremål å informere og engasjere nye frivillige i aktivitet, og har sjølv initiert slik.

Idrettskrinsen og 4H vart passive deltakarar i prosjektet i 2019, og distriktet tok det vidare aleine inn i 2020 med finansiering frå Gjensidigestiftelsen. Koronapandemien sette ein stoppar for den operative aktiviteten i 2020. I dialog med Gjensidigestiftelsen er det avklart at distriktet held i prosjektet inntil situasjonen normaliserer seg.

HAUGLAND

SOGN OG FJORDANE RØDE KORS EIGEDOM AS

Sogn og Fjordane Røde Kors eig alle aksjane i Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS. Dette selskapet eig og forvaltar eigedomane som distriktet arva etter advokat Bekker på Haugland i Fjaler kommune, inkludert bygga som husar Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS.

Sogn og Fjordane Røde Kors har overdrege alle aksjane i Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS til eigedomsselskapet. Overdraginga er gjort på vilkår av at distriktsstyret vert førelagt sentrale saker før det vert gjort vedtak.

Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS framstår som eit solid selskap med god inntening. Eigedomsselskapet sine inntekter er husleige frå Rehabiliteringssenteret. Det er av felles interesse for selskapa å forvalte og utvikle eigedomane på ein måte som gjer at Rehabiliteringssenteret er framtidsetta og konkurransedyktig. Det er lagt ein plan for oppgradering og vedlikehald av bygningsmassen.

RØDE KORS HAUGLAND REHABILITERINGSSENTER AS

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS fekk i 2014 ein fleirårig avtale med Helse Vest. Det utløyste trong for auka og oppgradert kapasitet, og har ført til årlege oppgraderingar av tilbodet i etterkant. Det er mellom anna arbeid med å utvikle nye helsesporttilbod knytt til fjord og sjø.

Det er innarbeidd i vedtektene at ein del av føremålet til Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS er å bidra til å finansiere humanitær aktivitet i regi av Røde Kors i Sogn og Fjordane. Styra i eigedomsselskapet og rehabiliteringsselskapet fortener stor honnør for den gode utviklinga dei har bidrege til på Haugland. Honnøren skal òg gå til leiinga og tilsette ved rehabiliteringssenteret. Dei har levert rehabiliteringstenester med ein kvalitet som er blant dei beste i landet over fleire år. Koronapandemien gjorde 2020 til eit utfordrande år for senteret, men dei har levert gode resultat.

RØDE KORS NORDISK UNITED WORLD COLLEGE

Distriktet har eit godt og mangeårig samarbeid med colleget. Dels har dette vore aktivitetar som bidreg til samhandling mellom studentane og unge frivillige i distriktet, og dels har det vore bidrag for å gjere studentane til gode Røde Kors-ambassadørar. Samarbeidet er avtalefesta og vert følgt opp av ei kontaktgruppe der Norges Røde Kors òg er med. Samarbeidet vart evaluert i 2017, og ei oppdatert og framtidsetta samarbeidsavtale vart signert i 2018.

Det såkalla mineofferprosjektet (Survivor of Conflict); der ungdom som er skada i krig eller konflikt får kome til Haugland og kombinere rehabilitering og utdanning, har styrkt samarbeidet mellom Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS og Røde Kors Nordisk United World College.

ØKONOMI

Det er mange som bidreg til finansiering av Røde Kors sin humanitære aktivitet i Sogn og Fjordane. Minnegåver og arv etter avlidne, bidrag frå verksemder, organisasjonar, frå tilsette og andre kjem uoppfordra. Vi tek det som teikn på at Røde Kors sin innsats rundt om i Sogn og Fjordane vert verdsett, og er særst takksame for bidraga.

Røde Kors har god dialog med ulike stiftingar som over mange år har støtta aktiviteten i distriktet. Gjensidigestiftinga har i fleire år bidrege til 'Juleleder for barn'. I 2020 gjorde det at vi kunne gje 1.578 born i Sogn og Fjordane ei merksemd i juletida. Stiftinga har bidrege til prosjektet 'Barn og unge som humanitær ressurs', samt til fellesprosjektet 'Samspel' som distriktet har med 4H og idrettskrinsen.

Fond for lokal aktivitet er ei Røde Kors-intern kjelde til finansiering. Ein del av fondet går til bundne føremål (primært til omsorgsaktivitetar) og er bygd opp av bidrag frå ulike næringsak-

tørar nasjonalt, og av bidrag som gjev medlemmer betalar inn kvar månad. Lokale Røde Kors-ledd sine søknader om tilskott frå dei bundne midlane vert samordna gjennom distriktet. I tillegg er det frie midlar i Fond for lokal aktivitet, som vert disponert til ulike innsatsområde etter søknad frå lokale ledd.

Hausten 2020 har det vore dialog med Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane om å reetablere eit samarbeid om søknader frå Røde Kors til stiftinga. Ved slutten av året har begge partar konkludert positivt og 1. mars 2021 er første frist for søknader frå lokale ledd, som då skal gå til distriktet.

Overskottet frå det årlege fylkesdekkande Røde Kors-lotteriet går uavkorta til Røde Kors sitt arbeid med barn og unge i utsette livssituasjonar, der ferieleirane er den største aktiviteten. I 2020 førte lotteriet til eit netto bidrag på 252.829 kroner. Ei stor takk til alle som bidrog ved å selje og ved å kjøpe lodd!

REKNESKAPSPRINSIPP

**Årsrekneskapen for Sogn og Fjordane Røde Kors er sett opp i samsvar med NRS(F)
God regnskapsskikk for ideelle organisasjoner.**

KLASSIFISERING AV INNETEKTER

Innsamla midlar og gåver er inntektsført på mottakstidspunktet. Offentlege tilskott som det er knytt vilkår til vert inntektsført i takt med bruk av kostnader knytt til aktiviteten som vert støtta. Ikkje inntektsførte tilskott vert rekneskapsførte i balansen under Ubrukte statsmidlar. Verdien av tingsgåver vert målt til verkeleg verdi på mottakstidspunktet.

KLASSIFISERING AV KOSTNADER

I aktivitetsrekneskapet vert kostnader klassifisert i tre hovudgrupper: kostnader for tilføring av midlar, kostnader til føremålet og administrasjonskostnader.

KLASSIFISERING AV EIGNELUTAR OG GJELD

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld femner om postar som fell til betaling innan eit år etter føring i balansen, samt postar som er knytt til varekretsløpet. Øvrige postar er nemnt som anleggsmidlar eller langsiktig gjeld. Omløpsmidlar vert vurdert til lågaste av innkjøpskostnad og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert ført i balansen med sum tilsvarande som ved etablering. Anleggsmidlar vert vurdert til innkjøpskostnad, men vert nedskrivne til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er å vere avgrensa i tid.

VURDERING AV FORDRINGAR

Kundefordringar og andre fordringar er ført opp i balansen etter frådrag for avsetnad til dekking av pårekna tap.

VURDERING AV DRIFTSMIDLAR

Varige driftsmidlar er i balansen oppført til innkjøpskostnad fråtrukke ordinære bedriftsøkonomiske avskrivningar. Ordinære avskrivningar er rekna lineært over driftsmidlane si økonomiske levetid av kostverdiar.

LØNSKOSTNADER

Norges Røde Kors er arbeidsgjevar for alle tilsette på distriktskontoret. Første veke i kvar måned vert distriktskontoret fakturert for løn (inkludert feriepengar, arbeidsgjevaravgift og pensjon), reise og utlegg for sine tilsette for føregående måned. Feriepengar, arbeidsgjevaravgift og pensjon vert avsett og gjort opp hjå Norges Røde Kors. Fakturering skjer utan meirverdiavgift grunna unntak for ideelle organisasjonar på tenester internt i organisasjonen.

ENDRINGAR I FØREMÅLSKAPITALEN

Midlar som organisasjonen har øymerka frå eigne midlar er ført opp under Føremålskapital med sjølvpålagde restriksjonar.

AKTIVITETSREKNESKAP 2020

		Rekneskap 2020	Rekneskap 2019	Budsjett 2020
	Note	Totalt	Totalt	Totalt
Innhenta midlar				
Medlemsinntekter		96 777	97 064	100 000
Offentlege tilskott	1	908 893	1 204 391	1 220 000
Andre tilskot	1,11	11 410 526	9 584 021	10 055 000
Innsamla midlar og gåver		482 609	911 692	1 370 000
Opptente inntekter frå operasjonelle aktivitetar fordelt på:				
- aktivitetar som oppfyller organisasjonen sitt føremål'	2	96 473	691 147	900 000
- aktivitetar som skapar inntekter'		435 000	440 000	440 000
Finans- og investeringsinntekter		84 796	129 929	142 000
Sum innhenta midlar		13 515 074	13 058 244	14 227 000
Brukte midlar				
Kostnader til innhenting av midlar	4	182 171	183 321	190 000
Kostnader til organisasjonen sitt føremål fordelt på:				
- tilskott, løyvingar m.bevilgn. mv. til oppfylling av organisasjonen sitt føremål		2 493 019	861 460	1 100 000
- kostnader til aktivitetar som oppfyller føremålet	3,6,8,11			
2.1 Førebygger og responderer for å redde liv				
2.1.1 Beredskap		340 453	362 029	465 000
2.1.2 Søk og redning		1 270 318	1 240 116	1 365 000
2.2 Bidrar til å verne menneske si helse og livsgrunnlag				
2.2.1 Barn, unge, oppvekst		2 718 759	3 296 882	3 235 000
2.3 Arbeide for sosial inkludering og mangfald				
2.3.1 Sosial inkludering		769 260	774 690	1 335 000
2.3.2 Migrasjon og fleirkultur		576 517	821 578	810 000
2.3.3 Valdsførebygging og konflikthandtering		4 151	4 027	35 000
3.1 Bygger og utviklar sterke og behovsretta Røde Kors-foreiningar				
3.1.1 Organisasjonsutvikling		2 897 737	2 788 675	3 540 000
3.1.2 Distriktsamarbeid internasjonalt		6 528	242 364	260 000
3.2 Førebygger og reduserer sårbarheit gjennom påverknadsarbeid				
3.2.1 Humanitært påverknadsarbeid		638 639	585 134	975 000
3.3 Utviklar ein effektiv og berekraftig organisasjon				
3.3.1 Organisasjon		533 502	953 390	1 295 000
Sum kostnader til aktivitetar som oppfyller føremålet		9 755 863	11 068 884	13 315 000
Administrasjonskostnader	5	556 882	1 136 154	1 567 000
Sum brukte midlar	5,6	12 987 935	13 249 819	16 172 000
Aktivitetsresultat for året		527 139	-191 575	-1 945 000
Tillegg/reduksjon av føremålskapital				
Føremålskapital med sjølvpålagde restriksjonar		259 093	-133 058	-580 000
Anna føremålskapital		268 046	-58 517	-1 365 000
Sum tillegg/reduksjon av føremålskapital	14,15	527 139	-191 575	-1 945 000

BALANSE PR. 31.12.2020

	Note	Balanse pr. 31.12.2020	Balanse pr. 31.12.2019
Transportmidlar, inventar og maskiner	9	272 248	367 620
Investering i dotterselskap	10	507 501	507 501
Finansielle anleggsmidlar	10	90 000	90 000
Sum anleggsmidlar		869 749	965 121
Fordringar	12	1 490 641	821 716
Bankinnskott, kontantar og liknande	13	10 588 790	10 571 624
Sum omløpsmidlar		12 079 432	11 393 339
SUM EIGNELUTAR		12 949 181	12 358 461
Føremålskapital med sjølvpålagde restriksjonar		2 485 033	2 225 940
Anna føremålskapital		6 533 834	6 265 788
Sum føremålskapital	14, 15	9 018 867	8 491 728
Leverandørgjeld	16	1 726 892	1 261 560
Anna kortsiktig gjeld	17	2 203 422	2 605 173
Sum kortsiktig gjeld		3 930 314	3 866 732
SUM FØREMÅLSKAPITAL OG GJELD		12 949 181	12 358 461

Styret si godkjenning av årsrekneskapet 2020

Førde, 31. desember 2020 / 17. februar 2021 (signert elektronisk)

Synøve Sande

Distriktsleiar

Arve Sandal

Nestleiar

Sissel Loen

Styremedlem

Anita Kristin Vik

Styremedlem

Marit Kvalen

Styremedlem

Jon Atle Rise

Styremedlem

Per. I. Rimmen

Styremedlem

Arne Dale

Styremedlem

Per Kristian Storevik

Varamedlem

Jostein Bergset

Varamedlem

Dag Hovland

Dagleg leiar

NOTAR TIL REKNESKAPEN

NOTE 1 SPESIFIKASJON AV TILSKOTT

	2020	2019
Statstilskott	0	444 258
Fylkeskommunale tilskott	223 700	153 826
Andre offentlege tilskott	685 193	606 307
Sum offentlege tilskott	908 893	1 204 391
Tilskott frå Norges Røde Kors	10 433 830	8 152 891
Tilskot frå Fond for lokal humanitær aktivitet	84 377	221 522
Tenester frå Norges Røde Kors	892 319	1 209 607
Sum andre tilskott	11 410 526	9 584 021
Totale tilskott	12 319 419	10 788 412

NOTE 2 SPESIFIKASJON AV INNTEKTER FRÅ AKTIVITETÅR SOM OPPFYLLER ORGANISASJONEN SITT FØREMÅL

	2020	2019
Inntekter frå distriktet	35 595	690 147
Andre driftsrelaterte inntekter	60 878	1 000
Sum	96 473	691 147

NOTE 3 FORDELING AV FELLESKOSTNADER

Alle tilsette i Sogn og Fjordane Røde Kors er tilsett for å arbeide med ein eller fleire aktivitetar knytt til organisasjonen sine føremål og kostnaden for desse tilsette er fordelt på dei ulike aktivitetane. Felleskostnadene er fordelt på hovedaktivitetar i høve den del av eller tal årsverk som er knytta opp mot aktiviteten.

NOTE 4 KOSTNADER TIL INNHENTING AV MIDLAR

	2020	2019
Varekjøp u/mva	111 986	103 563
Frakt- og transportkostnader	0	959
Telefon og porto mv	4 408	3 288
Bod og salgsprovisjon	43 902	54 024
Marknadsføring	21 875	21 188
Totalt	182 171	183 021

NOTE 5 ADMINISTRASJONS- OG FØREMÅLSPROSENT

Rekneskapsstandarden for ideelle organisasjonar seier at administrasjon er dei aktivitetene som vert gjort for å drive organisasjonen, og dei kostnadene som ikkje kan knytast til bestemte aktivitetar. Dette er kostnader som overordna leining, revisor- og advokathonorar og utarbeiding av offentlege rekneskap. Fordelinga av felleskostnader er forklart i note 3. Administrasjon har sin del av fordelte felleskostnader.

	2020	2019	2018	2017	2016
Sum administrasjonskostnader	556 882	1 136 154	693 143	544 966	510 584
Sum brukte midlar	12 987 935	13 249 819	11 802 873	10 795 891	10 619 021
Administrasjonsprosent	4,3 %	8,6 %	5,9 %	5,0 %	4,8 %
	2020	2019	2018	2017	2016
Kostnader til føremålet	12 248 882	11 930 344	10 932 910	10 081 487	9 947 949
Sum brukte midler	12 987 935	13 249 819	11 802 873	10 795 891	10 619 021
Formålsprosent	94,3 %	90,0 %	92,6 %	93,4 %	93,7 %

Kommentar til endring i administrasjons- og formålsprosent:

Etter 2013 inngår kostnader knytta til distriktsstyret og distriktsårsmøtet i administrasjonsprosenten. Auken i administrasjonsprosent frå 2018 til 2019 var dels grunna i pro bono-tenester frå nasjonalkontoret, fordelte felleskostnader, og andre kostnader knytt til administrasjon. I 2020 har det vore lavere kostnader i samband med mellom anna møter og samlingar. Distriktsårsmøtet i 2020 vart gjennomført digitalt.

NOTAR

NOTE 6 ARTSINDELING AV KOSTNADER

	2020	2019
Varekjøp	111 986	103 563
Personalkostnader	5 520 127	4 693 551
Avskrivningar	95 372	93 565
Andre driftskostnader	4 765 163	7 495 835
Finanskostnader	2 268	1 845
Tilskott	2 493 019	861 460
Sum kostnader	12 987 935	13 249 819

NOTE 7 TAL ÅRSVERK

	2020	2019
Tal årsverk - fast tilsette	8,0	8,0
Tal årsverk - mellombels tilsette	1,0	1,0
Totalt	9,0	9,0

Dagleg leiar kjem i tillegg til desse årsverka. Viser elles til punktet "Lønskostnader" under Rekneskapsprinsipp.

NOTE 8 YTINGAR TIL LEIINGA

	2020	2019
Ytingar til styret		
Løn og honorar	0	0
Sum ytingar til styret	0	0
Ytingar til revisor		
Ordinær revisjon	41 250	42 500
Særattestasjonar	4 625	4 625
Sum ytelsar til revisor (inkl. mva.)	45 875	47 125

NOTE 9 VARIGE DRIFTSMIDLAR

	Transport- midlar	Inventar Bekkerhuset	Inventar	Utstyr HJK	Totalt varige driftsmidlar
Innkjøpskostnader pr. 01.01.2020	158 000	30 699	574 496	729 249	1 492 444
Tilgang i året					0
Innkjøpskostnader pr. 31.12.2020	158 000	30 699	574 496	729 249	1 492 444
Akkumulerte avskrivningar 01.01.2020	18 433	0	505 499	600 893	1 124 825
Ordinære avskrivningar i år	31 600		19 264	44 508	95 372
Akkumulerte avskrivningar pr. 31.12.2020	50 033	0	524 763	645 401	1 220 197
Bokført verdi pr. 31.12.2020	107 967	30 699	49 733	83 848	272 247

NOTE 10 INVESTERINGAR I DOTTERSELSKAP OG TILKNYTTA SELSKAP

Selskap	Tal aksjar	Eigardel	Bokført verdi
Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS			
Stemmeandel/eierandel	500	100 %	507 501

Aksjane er bokført til kostpris

Fordring på Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS

	2020	2019
Krav etter sal av aksjer m.v.	90 000	2 040 000
SFRK Eigedom renter lån 2008-2018 og lån	0	-1 950 000
Sum fordring på Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS	90 000	90 000

Rest fordring gjeld sal av "Lynet"

NOTAR

NOTE 11 TRANSAKSJONAR MED NÆRSTÅENDE PARTAR

Etter regnskapslova skal det opplyst om transaksjonar med nærstående partar. For Sogn og Fjordane Røde Kors er Norges Røde Kors og dei lokale Røde Kors-foreiningane nærstående partar. Oversikta under her viser vesentlege transaksjonar med desse.

Ein vesentleg del av drifta vert finansiert av ulike tilskott frå Norges Røde Kors. Arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette ligg hjå Norges Røde Kors, jamfør rekneskapsprinsippa for ytterlegare opplysingar.

Frå Norges Røde Kors

Tilskott	9 733 963
Kursstøtte	39 868
Pro bono-tenester	892 319
Vidareformidla medlemskontingent	96 777
Vidareformidla moms kompensasjon	685 193
Vidareformidla Gjensidigestiftelsen sin Juleaksjon	660 000
Fond for lokal aktivitet (frie midlar)	396 000
Vidareformidlet tilskott frå Stiftelsen Dam	100 500
Vidareformidla refusjon frå NAV	138 416

Til Norges Røde Kors

Pro bono-tenester	892 319
Lønskostnader	5 638 060
Viderefakturerte kostnader som går via lønssystemet	349 387

Frå lokalforeiningar

Deltakaravgift	46 188
Lotteriinntekter	435 000
Lønskostnader	2 643

Til lokalforeiningar

Tilskott	1 408 145
Fond for lokal aktivitet (frie midler)	116 000
Vidareformidla tilskott frå Stiftelsen Dam	100 500

NOTE 12 FORDRINGAR

	2020	2019
Kundefordringar	722 975	133 650
Delkredere	-24 035	-42 590
Kostnader betalt på forskott	47 232	21 606
Tilkomne inntekter	706 975	699 787
Andre fordringar	1 805	9 263
Mellomrekning Røde Kors	35 690	0
Totalt	1 490 641	821 716

NOTE 13 KONTANTAR OG BANKINNSKOTT

	2020	2019
Kontanter og bankinnskott	10 588 790	10 571 624
Av dette er følgjande sett av til		
Bundne utbetalinger	3 545 764	3 805 654
Sum bundne midler	3 545 764	3 805 654
Likvide midlar til disposisjon	7 043 027	6 765 970

NOTAR

NOTE 14 ENDRINGAR I FØREMÅLSKAPITAL

	Anna føremåls- kapital	Føremålskapital m/sjølvpålagde restriksjonar	Føremålskapital m/eksternt pålagde restriksjonar	Total føremåls- kapital
Føremålskapital pr. 01.01.2020	6 265 788	2 225 940	0	8 491 728
Tilførsel av kapital	0	259 093	0	259 093
Bruk av kapital	0	0	0	0
Totalt til disponering:	268 046	0	0	268 046
Aktivitetsresultat 2020	527 139			
A. Disponert del av aktivitetsresultat 2020	-259 093			
B. Ikkje disponert del av aktivitetsresultat 2020	-268 046			
Formålskapital pr. 31.12.2020	6 533 834	2 485 033	0	9 018 867

NOTE 15 SPESIFIKASJON AV FØREMÅLSKAPITAL MED RESTRIKSJONAR

Føremålskapital med eksterne restriksjonar	2020	2019	Endring
Sum føremålskapital med eksterne restriksjonar	0	0	0
Føremålskapital med sjølvpålagde restriksjonar	2020	2019	Endring
Ferie for alle	252 829	0	252 829
Bundne lønsmidlar	415 434	415 434	0
Prosjekt RKNUWC	43 978	43 978	0
Bekkerfondet	895 625	889 361	6 264
Katastrofefond	455 817	455 817	0
Sogeskrift SFRK Ambulanse	101 400	101 400	0
Stopp volden	20 250	20 250	0
Kursstøtte hjelpekorps	74 606	74 606	0
Organisasjonsutvikling - Diba	206 344	206 344	0
Minnefond Reidun Sørexfjord	18 750	18 750	0
Sum føremålskapital med sjølvpålagde restriksjonar	2 485 033	2 225 940	259 093

NOTE 16 LEVERANDØRGJELD

	2020	2019
Norges Røde Kors	1 168 280	745 924
Andre	558 612	515 636
Totalt	1 726 892	1 261 560

NOTE 17 ANNA KORTSIKTIG GJELD

	2020	2019
Fond for lokal aktivitet (frie midler)	206 101	10 478
Anna kortsiktig gjeld	0	163 746
Mellomrekning Norges Røde Kors	0	475 623
Skyldige eksterne midlar	613 074	0
Påløpte kostnader	384 332	115 716
Aktivitetstilskott frå Norges Røde Kors - tildelt i året	6 502 000	4 696 500
Aktivitetstilskudd fra Norges Røde Kors - overført aktivitet i året	-5 644 844	-2 907 492
Aktiverte inntekter	142 760	50 601
Totalt	2 203 422	2 605 173

Til årsmøtet i Sogn og Fjordane Røde Kors

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Sogn og Fjordane sin årsrekneskap som viser eit positivt aktivitetsresultat på kr 527 139. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2020, aktivitetsrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er den vedlagde årsrekneskapen avlagd i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av Sogn og Fjordane Røde Kors si finansielle stilling per 31. desember 2020, og av resultatata for rekneskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av foreininga slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, samt at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med regnskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som dei finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til foreininga si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, enkeltvis eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte er føremålstenlege og om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga er rimelege.
- konkluderer vi på om leiinga sin bruk av framhald av drift-føresetnaden i årsrekneskapen er formålstenleg, basert på innhenta revisjonsbevis, og om det føreligg vesentleg usikkerheit knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg usikkerheit, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den samla presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, inkludert tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen gjev uttrykk for dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka gjennom revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Fråsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000

Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon, meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av foreininga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Førde, 17. februar 2021

Deloitte AS



Leif Kilnes

statsautorisert revisor

STYRET/TILLITSVALDE/TILSETTE

Frå 29. mars 2020 til 20. mars 2021. Alle namn merka med *er på val.

Distriktsstyret

Distriktsleiar: *Synøve Sande, Svelgen - Bremanger
Nestleiar: Arve Sandal, Førde
Medlem: *Per I. Rimmen, Flora
Medlem: *Marit Kvalen, Luster
Medlem: Sissel Loen, Stryn
Representant: Hjelpekorps: Anita Kristin Vik, Stryn
Representant Omsorg: *Arne Dale, Hyllestad
Representant RK Ungdom: *Jon Atle Rise, Svelgen-Bremanger
Varamedlem: Per Kristian Storevik, Stryn
Varamedlem: Jostein Bergset, Aurland

Distriktsstyret sitt arbeidsutval

Leiar: Synøve Sande, Svelgen - Bremanger
Medlem: Arve Sandal, Førde
Medlem: Marit Kvalen, Luster

Kontrollkomité

Leiar: Asbjørn Steen, Førde
Medlem: Margunn Masdal, Førde
Medlem: *Kjell Ese, Balestrand
Varamedlem: Johannes Nedrebø, Gloppen

Distriktsrådet for Hjelpekorps

Distriktsrådsleiar: Anita Kristin Vik, Stryn
Administrativ leiar: Geir Ove Optun, Hafslo
Operativ leiar: *Margrete Skåden, Eivindvik
Medlem: Espen A. Rysjedal, Flora
Medlem: *Unni Kiviranta, Eid
Medlem: *Cato A. Kvamme, Førde (til juni)
Varamedlem: Are Bødal, Førde (medlem frå juni)

Distriktsrådet for Omsorg

Distriktsrådsleiar: *Arne Dale, Askvoll
Nestleiar: *Britt Optun, Luster
Medlem: *Ingunn Skarstein, Olden
Medlem: Jan W. Sande, Førde
Medlem: *Patricia Seglem Lægred, Årdal
Medlem: Jan Børge Monsen, Svelgen-Bremanger
Varamedlem: Silje Søvvik, Flora
Varamedlem: *Jorunn Selseng Aasen, Førde

Distriktsråd for Røde Kors Ungdom

Distriktsrådsleiar: *Jon Atle Rise, Svelgen-Bremanger
Nestleiar: *Olaug Søvde Berg, Førde
Medlem: *Jostein Vedvik, Førde
Medlem: *Marte Heggstad, Luster
Medlem: *Runa-Mari Løkka Måseidvåg, Lærdal
Medlem: *Muetez Jemal Ahmed, Førde
Varamedlem: *Robert Risnes, Førde

Valnemnd Distriktsstyret

Leiar: * Per Eilert Ommedal, Stryn
Medlem: *Odd Rune Vikheim, Sogndal
Medlem: *Einar Målsnes, Balestrand
Medlem: *Harald Engevik, Flora
Varamedlem: *Torunn Lucassen, Førde

Valnemnd Distriktsrådet for Hjelpekorps

Leiar: * Ove Fortun, Luster
Medlem: * John Petter Svedal, Leikanger
Medlem: * Benedicte S. Valberg, Flora
Varamedlem: * Kenneth Kalhagen, Hafslo
Varamedlem: *Einar Helge Hansen, Jølster

Valnemnd Distriktsråd for Omsorg

Leiar: *Arne Løland, Aurland
Medlem: *Magnar Høyum, Hafslo
Medlem: *Torunn Lucassen, Førde
Varamedlem: *Asbjørn Sande, Svelgen

Valnemnd Distriktsråd for Røde Kors Ungdom

Leiar: *Josef Benoni Ness Tveit, Førde
Medlem: *Dina Kristin Tjønneland, Gloppen

Internasjonalt utval

Leiar: Einar Målsnes, Balestrand
Medlem: Marit Kvalen, Luster
Medlem: Torunn Lucassen, Førde
Medlem: Jorunn Selseng Aasen, Førde/d-råd omsorg
Medlem: Cato Kvamme, Førde (til juni)/d-råd Hjk
Medlem: Jostein Vedvik, Førde/d-råd RK, Ungdom
varamedlem: Runa-Mari Løkka Måseidvåg, Lærdal

Beredskapsutval

Leiar: Per I. Rimmen, Flora
Medlem: Steinar Grønsberg, Aurland
Medlem: Britt Optun, Luster/d-råd omsorg
Varamedlem: Jan Børge Monsen, Svelgen-Bremanger
Medlem: Geir Ove Optun, Luster/d-råd hjelpekorps
varamedlem: Anita Kristin Vik, Stryn
Medlem: Marte Heggstad, Luster/d-råd RK ungdom
varamedlem: Robert Risnes, Førde

Rådet til Røde Kors Nordisk United World College

Medlem: Lars Otto Sagvold, Førde
Varamedlem: Margrethe Skåden, Gulen

Kontaktgruppa for Røde Kors Nordisk United World College

Leiar: Lars Otto Sagvold, Førde
Medlem: Margrethe Skåden, Gulen
Varamedlem: Dag Hovland, dagleg leiar

Heidersteiknkomite: Arbeidsutvalet

Eigarrepresentant SFRK Eigedom AS:

Synøve Sande, Svelgen - Bremanger

Eigarrepresentant Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS:

Synøve Sande, Svelgen - Bremanger

Varerepresentant i Distriktsrådet for HV09 og HV11:

Pål Andreas Dahl, tilretteleggar beredskap

Representant i Fylkesberedskapsrådet:

Dag Hovland, dagleg leiar

Varamedlem til styret i Røde Kors Nordisk United World College:

Dag Hovland, dagleg leiar

Tilsette

Dagleg leiar: Dag Hovland
Tilretteleggar lokalforeining/beredskap: Pål Andreas Dahl
Tilretteleggar informasjon: Henning Hellebust
Tilretteleggar hjelpekorps: Britt Tjønneland
Tilretteleggar omsorg: Henriette Solheim
Tilretteleggar migrasjon: Jon Langeland Thomsen
Tilretteleggar ungdom: Thor Erlend Mehammer
Tilretteleggar opplæring/systemstøtte: Vebjørn Sture
Tilretteleggar rekruttering: Rune Rajendram
Kontor- og prosjektmedarbeidar: Irene Grøneng
Revisor: Deloitte, Førde

Sogn og Fjordane Røde Kors

Langebruvegen 28, 6800 FØRDE
Telefon: 57 72 31 30
E-post: dk.sognogfjordane@redcross.no
Organisasjonsnummer: 983 198 422
Bankkonto: 3700.20.27616



rodekors.no/sfj



youtube.com/sfrodekors



[@sfrodekors](https://facebook.com/sfrodekors)



[@sfrodekors](https://instagram.com/sfrodekors)

**RØDE KORS-PRINSIPPA: HUMANITET,
UPARTISKHEIT, NØYTRALITET, UAVHENGIGHEIT,
FRIVILLIGHEIT, EINSKAP, UNIVERSALITET**

 **Røde Kors Sogn og Fjordane**